


Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2025



Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2025

Redaktør:

Stig Helge Pedersen

Forfattarar:

Carl Endre Espeland

Fredrik Sagafos

Kjerstin Bruvold Klokkeide

Terje Kolbu Jacobsen

Therese Halvorsen Røst

Forord

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning blir kvart år utarbeida av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Tilstandsrapporten er brukt som grunnlag for styring og forvaltning, og av sektoren sjølv.

Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-HYU) er den primære kjelda for tala i rapporten. Det vert òg nytta tal frå Statistisk sentralbyrå. Data som blir presenterte i tilstandsrapporten er kvalitetssikra og sett i samanheng, og rapporten beskriv fagskulesektoren i tal og analyser om studentar, fagskular, utdanningstilbod og økonomi for 2024.

Vi arbeider kontinuerleg med utvikling av rapportane, slik at dei er tilpassa ein sektor i vekst og endring. Sektorbiletet fyrst i rapporten viser nasjonale nøkkeltal frå dei siste tre åra innan dei ulike områda rapporten dekker. Sist i rapporten finn ein sektorbilete og eit utval nøkkeltal om fagskulesektoren i kvart av dei ulike fylka. I vedlegg finn ein ytterlegare statistikk og omtale av kvart fylke.

Vi takkar våre kollegaer ved avdeling for data og statistikk for godt samarbeid. Dei har vore ansvarlege for å hente ut og klargjere data frå Database for statistikk om høgare yrkesfagleg utdanning (DBH-HYU). Analysane og sjølv rapporten er utarbeidd som eitt samarbeid mellom tilsette ved avdeling for undersøkingar og analyse, og avdeling for høgare yrkesfagleg utdanning.

HK-dir takkar Kunnskapsdepartementet for oppdraget og for tilbakemeldingar undervegs i prosessen.

Sektorbilete

Fagskular	2022	2023	2024
Tal på skular	58	60	63
Fagskular med offentlig eigarskap	16	16	18
Av desse fylkeskommunalt eigarskap	11	11	13
Fagskular med privat eigarskap	42	44	45
Fagskular med færre enn 50 studentar	20	20	20
Fagskular med mellom 50 og 500 studentar	22	23	26
Fagskular med fleire enn 500 studentar	16	17	17
Utdanningstilbod etter fagområde (FKF)	2022	2023	2024
Helse og velferd	687	659	583
Kreativ	160	146	145
Samferdsel	48	46	49
Teknisk	509	517	806
Økonomi- og administrasjon	406	391	445
Anna	66	60	73
Uoppgitt	23	47	6
Studentar	2022	2023	2024
Tal på nye studentar¹	15 031	17 377	18 044
Tal på studentar²	27 951	31 491	34 016
Kvinner	45 %	47 %	47 %
Menn	55 %	53 %	53 %
Tal på uteksaminerte studentar	10 157	11 386	13 045

Studentar fordelt på fagområde (FKF)	2022	2023	2024
Helse og velferd	6 560	7 588	8 470
Kreativ	2 618	2 506	2 399
Samferdsel	1 370	1 395	1 621
Teknisk	11 701	13 417	14 479
Økonomi- og administrasjon	4 859	5 657	6 102
Anna	677	711	758
Uoppgitt	166	217	187
Tal på studentar	27 951	31 491	34 016

¹ Talet inkluderer nye studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

² Talet inkluderer aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

Kjønnsfordeling på dei største fagområda	2022	2023	2024
Teknisk, andel kvinner	12 %	15 %	16 %
Helse og velferd, andel kvinner	87 %	86 %	86 %
Økonomi- og administrasjon, andel kvinner	68 %	69 %	67 %
Opptaksgrunnlag for nye studentar	2022	2023	2024
Yrkesfagleg kompetanse	8 811	10 014	9 455
Generell studiekompetanse	3 289	3 636	3 731
Realkompetanse	2 428	3 254	4 197
Anna kompetansegrunnlag	503	35	.
Høgare yrkesfagleg utdanning	.	93	226
Spesielle opptakskrav	.	185	287
Utanlandsk utdanningsbakgrunn	.	160	148
Tal på nye studentar	15 031	17 377	18 044
Finansiering	2022	2023	2024
Statleg tilskot til drift av fagskular	1,1 mrd.	1,2 mrd.	1,4 mrd.
Tilskot frå fylkeskommunanes frie inntekter	133 mill.	173 mill.	170 mill.
Tilskot til statlege fagskular	137 mill.	134 mill.	287 mill.
Skulepengar, private skular	738 mill.	755 mill.	31 mill.
Skulepengar, offentlege skular	33 mill.	29 mill.	815 mill.
Statlege prosjektmidlar	177 mill.	128 mill.	118 mill.

Vedlegg: [S0](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Samandrag

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning omtalar sektoren i tal og analyser om studentar, fagskular, utdanningstilbod og økonomi for 2024.

Studentane

I 2024 var det 34 000 studentar høgare yrkesfagleg utdanning, ein auke på 2 500 frå året før. Samla studiepoengproduksjon har òg auka, sjølv om kvar student i snitt tek litt færre studiepoeng. Dette heng saman med fleire studentar på kortare studietilbod. Over 80 prosent er likevel meldt opp til ei gradsutdanning.

Dei største fagområda er tekniske fag, helse- og velferdsfag, og økonomi- og administrasjonsfag, og desse står for ein aukande del av studentmassen. Snittalderen på studentane er 34 år, og mange er etablerte i arbeidslivet. Dette pregar både behovet for fleksible løysingar og sektoren sitt bidrag til kompetansepåfyll i yrkeslivet.

Fleksible utdanningar

Studentane nyttar seg i stor grad av fleksible utdanningsformar. I 2024 var 74 prosent av studentane deltidsstudentar, samstundes gjekk 72 prosent av studentane på nett- eller samlingsbaserte tilbod, og 10 prosent tok kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Tala viser at mange vel utdanningsformar som lar seg kombinere med jobb eller andre forpliktingar, og som er uavhengig av geografi og livssituasjon.

Opptaksgrunnlag

Hausten 2024 var det over 18 000 nye studentar i høgare yrkesfagleg utdanning. Like over halvparten av desse blei tatt opp på utdanninga på grunnlag av deira yrkesfaglege kompetanse. Talet på studentar som vert tekne opp på grunnlag av realkompetanse har auka med 30 prosent sidan 2023, og er no 23 prosent av studentane. Studentar med generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag var 21 prosent av studentane.

Uteksaminerte

I 2024 vart om lag 13 000 studentar uteksaminert frå høgare yrkesfagleg utdanning. Eit særtrekk ved sektoren er at mange studentar kombinerer utdanning med arbeid, noko som stiller krav til fleksible løysingar og påverkar gjennomføringsmønsteret. For å vurdere effektiviteten i sektoren kan ein sjå på kor stor del av planlagde studiepoeng som faktisk vert avlagde kvart år. I 2024 vart 80 prosent av forventa studiepoeng produsert. Studentar på nettbaserte utdanningar og deltidsutdanningar har generelt lågare andel produserte studiepoeng, medan heiltidsstudentar og dei på stadbaserte tilbod produserer ein større andel. Desse forskjellane slår òg ut mellom

fagområde, og kan forklare kvifor gjennomføringa er høgare i samferdselsfag og lågare i økonomi- og administrasjonsfag.

Institusjonane

Hausten 2024 talde vi 63 fagskular, 18 offentlege og 45 private, som rapporterte aktivitet på 178 studiestader. Det har vorte fleire store fagskular, og talet på fagskular med fleire enn 1 000 studentar har auka frå 11 til 14.

Fagområdeakkreditering

I 2024 var det 15 fagskular som hadde fagområdeakkreditering på eitt eller fleire fagområde. Det er gitt 33 fagområdeakkrediteringar totalt. Dette er ein auke på 12 fagområdeakkrediteringar frå i fjor. Av fagområdeakkrediteringane er det flest innanfor helse og velferd.

Utdanningstilbod

Hausten 2024 var det 419 ulike utdanningstilbod. Om ein reknar med variasjonar i tilboda i form av finansiering (offentleg eller skulepengar), organisering (heiltid og deltid), utdanningsform (stadbasert, nettbasert og samlingsbasert), er det registrert 2 107 utdanningstilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning. Dette syner eit breitt spekter av utdanningstilbod som gjer utdanningane meir tilgjengelege. Det er flest tilbod innan tekniske fag. Generelt går utviklinga i retning av fleire nettbaserte og nett- og samlingsbaserte tilbod.

Finansiering

Det vart brukt om lag 2,8 milliardar kroner på høgare yrkesfagleg utdanning i 2024. Om lag 1,4 milliardar kroner av finansieringa var i form av tilskot frå Kunnskapsdepartementet, medan 845,5 millionar kroner var i form av skulepengar. Resten var midlar frå fylkeskommunane, frå offentlege tilskotsordningar, og direktetildelingar over statsbudsjettet til nokre statlege fagskular.

Vi ser at dei offentlege midlane som vert fasa inn som nye studieplassar fører til auka heiltidsekvivalentar og studiepoengproduksjon som venta.

Fylkesvise sektorbilete

Fylkeskommunane har det heilskaplege kompetansepolitiske ansvaret i regionane, og forvaltar dei statlege midlane til drift av fagskular. I kapittel 6 er det presentert sektorbilete for kvart enkelt fylke. Bileta er meint å gi fylkeskommunane nokre nøkkeltal på status i høgare yrkesfagleg utdanning i fylket.

Vedlegg

- Datagrunnlag for alle figurar og tabellar er tilgjengeleg på: <https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2025>. Der finn ein òg datagrunnlag for tidsseriar og andre tabellar som ikkje er viste i sjølve rapporten.
- Fylkesoversikter – statistikk og omtale av dei einskilde fylka. Her presenterer vi eit utval av statistikk om høgare yrkesfagleg utdanning ved studiestadene i kvar enkelt fylkeskommune.

[Sjå og last ned vedlegget som PDF.](#)

Summary in English

This status report for higher vocational education presents key figures and analyses related to students, institutions, study programmes, and financing in 2024.

Students

In 2024, there were 34,000 students enrolled in higher vocational education, an increase of 2,500 from the previous year. Overall credit production also rose, although students on average completed slightly fewer credits. This is linked to a rise in enrolments in shorter programmes. Still, over 80 per cent of students are registered in full degree programmes. The largest subject areas remain technical subjects, health and welfare, and business and administration—together accounting for a growing share of the student population. The average student age is 34, and many are in employment, highlighting the need for flexible learning options and the sector's role in providing upskilling opportunities.

Flexible education

Most students choose flexible study formats. In 2024, 74 per cent were part-time students, 72 per cent followed online or session-based programmes, and 10 per cent took short programmes worth fewer than 30 credits. This reflects a demand for education that can be combined with work and adapted to different life situations.

Admission

More than 18 000 new students were admitted in autumn 2024. Over half qualified based on their vocational qualifications. The number admitted through recognition of prior learning has risen by 30 per cent since 2023 and currently accounts for 23 per cent of all new students. Students admitted with general university entrance qualifications made up 21 per cent.

Graduates

Around 13,000 students graduated in 2024. Many combine studies with work, requiring flexible solutions and affecting completion patterns. To assess efficiency, one indicator is the proportion of planned credits completed each year. In 2024, 80 per cent of expected credits were completed. Online and part-time students had lower completion rates, while full-time and on-campus students were above average. These patterns also vary across subject areas, explaining higher completion rates in transport and lower rates in business and administration.

Institutions

In autumn 2024, 63 higher vocational colleges (18 public and 45 private) operated across 178 campuses. The number of larger colleges is growing, with 14 institutions now enrolling more than 1,000 students, up from 11 the previous year.

Subject area accreditations

Fifteen higher vocational colleges held subject area accreditation in one or more fields in 2024, with a total of 33 accreditations granted – 12 more than the year before. The highest number of subject area accreditations are in health and welfare.

Study programmes

Higher vocational colleges offered 419 different study programmes in autumn 2024. Including variations in financing (publicly funded or tuition-fees), organisation (full-time or part-time), and format (on-campus, online, or session-based), a total of 2,107 programmes were registered. This shows a wide range of options that improve accessibility. Most programmes are in technical subjects, with a general trend toward more online and hybrid formats.

Financing

In total, around NOK 2.8 billion was spent on higher vocational education in 2024. Of this, NOK 1.4 billion came from the Ministry of Education and Research, while NOK 845.5 million was paid in tuition fees. The remaining funding came from county authorities, public grant schemes, and direct budget allocations to state-owned institutions. Publicly funded new study places contribute to expected increases in full-time equivalents and credit production.

Regional overviews

County authorities are responsible for regional skills policy and administer national funding for vocational colleges. Chapter 6 presents regional snapshots for each county, providing key figures on the state of higher vocational education in each region.

Appendices

- The data used for all figures and tables is available at <https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2025> along with time series and additional tables not included in the report itself.
- [County-level overviews – statistics and analyses for each county](#). This section presents a selection of statistics on higher vocational education at the study locations within each county.

Innhold

Forord.....	3
Sektorbilete	4
Samandrag.....	6
Summary in English	9
1 Innleiing.....	13
2 Metode og datagrunnlag	15
3 Studentane	18
3.1 Studentar og heiltidsekvivalentar	18
3.2 Fordeling av studentar på fagområde	25
3.3 Tilgang til utdanning og geografisk spreiding	29
3.4 Alder og kjønn.....	36
3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod	39
3.6 Opptaksgrunnlag	45
3.7 Uteksaminerte studentar	52
3.8 Studiepoengproduksjon og fullføring av utdanningar	55
3.9 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular.....	59
4 Fagskular og utdanningstilbod	63
4.1 Fagskular og studiestader	63
4.2 Storleiken på fagskulane	66
4.3 Fagskular og studiestader i dei ulike fylka	69
4.4 Fagområdeakkreditering	74
4.5 Utdanningstilboda.....	76
4.6 Gradar og studiepoeng.....	80
4.7 Utdanningstilbod på heiltid og deltid	83
4.8 Stadbaserte, nettbaserte og samlingsbaserte utdanningar	84
5 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning	87
5.1 Statleg tilskot til drift av fagskular	88
5.2 Fylkeskommunane sine frie inntekter	89
5.3 Skulepengar	90
5.4 Dei statlege fagskulane.....	92

5.5 Ulike statlege prosjektmidlar	93
5.6 Heiltidsekvivalentar og studiepoengproduksjon etter finansieringskjelder	94
6 Fylkesvise sektorbilete	106
6.1 Fylkeskommunane som kompetansepolitisk aktør.....	106
6.2 Agder	107
6.3 Akershus	108
6.4 Buskerud.....	109
6.5 Finnmark.....	110
6.6 Innlandet	111
6.7 Møre og Romsdal.....	112
6.8 Nordland.....	113
6.9 Oslo.....	114
6.10 Rogaland.....	115
6.11 Telemark.....	116
6.12 Troms.....	117
6.13 Trøndelag	118
6.14 Vestfold.....	119
6.15 Vestland	120
6.16 Østfold	121
Figurliste	122
Tabelliste	123
Vedlegg: Datagrunnlag for figurar og tabellar.....	124
Vedlegg: Fylkesoversikter – statistikk og omtale av dei einskilte fylka.	125
Referansar.....	126

1 Innleiing

Høgare yrkesfagleg utdanning har vorte ein tydeleg og viktig del av det norske utdanningssystemet. Utdanninga har ein praksisnær og arbeidslivsretta profil, og gir tilbod til ei målgruppe som ofte står midt i arbeidslivet – med både fagkompetanse og erfaring. Dette er utdanning for dei som vil byggje på sin formelle kompetanse i det yrkesfaglege løpet.

Sektoren er i utvikling. Fleire studentar, fleire utdanningstilbod og større breidde i opptaksgrunnlag speglar ei opning og ei tydeleggjering av fagskulane si rolle i kompetansepolitikken. Med fleksible utdanningsformer og varierte tilbod frå korte, målretta studietilbod til lengre gradsutdanningar, gir fagskulane menneske med ulik yrkesbakgrunn og i ulike livssituasjonar moglegheit til å tileigne seg ny og relevant kunnskap og kompetanse. Dette er òg ein viktig nøkkel for omstilling, både i enkeltmenneske sin karriere og for samfunnet som heilskap.

Stortingsmelding 11 (2024–2025) «Fagfolk for ei ny tid» løftar sektoren og legg klare føringar for vidare utvikling. Meldinga peikar på behovet for at fagskulane òg skal kunne levere utdanningstilbod med et meir komplekst læringsutbyte enn i dag, og opnar for at fagskulane skal kunne utvikle utdanningar på nivå 5–7 i det nasjonale kvalifikasjonsrammverket for kompetanse (NKR). Dette viser at sektoren ikkje berre skal utviklast i breidda, men også i djupna – med større fagleg ambisjon og tydelegare plass i det livslange læringsløpet.

Fagskulane skal bidra til å dekke både nasjonale og regionale kompetansebehov. Fylkeskommunane har ei sentral rolle som kompetansepolitisk aktør, og Stortinget har derfor òg gitt fylka ansvaret for å forvalte det statlege tilskotet til drift av fagskular. Samarbeid mellom fylkeskommunar, arbeidsliv og fagskular er avgjerande for å sikre at dei offentlege midlane vert prioriterte til utdanningar som dekker kompetansebehova til dei mest kritiske områda som konkurransedyktig næringsliv, det grønne skiftet, gode velferdstenester i heile landet, og forsvar og sivil beredskap.

Denne rapporten gir eit samla og overordna bilde av høgare yrkesfagleg utdanning for 2024 – og eit grunnlag for vidare diskusjon om styring, utvikling og ambisjonar for framtida. Vi presenterer nasjonale tal og analysar, men òg data på fylkesnivå. Dette skal støtte fylkeskommunane sitt kompetansepolitiske arbeid og koplinga til forvaltninga av høgare yrkesfagleg utdanning.

Tekstboks 1 Fagfolk for ei ny tid – med høgare yrkesfagleg utdanning

Stortingsmelding 11 (2024–2025) *Fagfolk for ei ny tid – med høgare yrkesfagleg utdanning*, presenterer regjeringa si oppdaterte politikk for høgare yrkesfagleg utdanning og fagskulesektoren. Det overordna målet med tiltaka i meldinga er å sikre *fleire* kandidatar og *fleire meir kompetente* kandidatar til norsk arbeidsliv. For å få dette til, skal fagskulane få ein større og meir sentral rolle i utdannings- og kompetansepolitikken.

Meldinga inneheld 29 tiltak som vert presenterte under tre tematiske overskrifter:

- Fagskulane skal utrustast med meir kunnskap om kvalitet, betre og meir føreseieleg finansiering og nye fullmakter.
- Studentar skal ha tilgang til god studentvelferd og rustast med fleire lærings- og karrieremoglegheiter.
- Fylkeskommunane skal bli betre rusta til å forvalte høgare yrkesfagleg utdanning gjennom meir samarbeid og handlingsrom.

Eit sentralt grep er at fagskulane skal kunne utvikle og tilby yrkesretta utdanningar på nivåa 5–7 i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for kompetanse og livslang læring (NKR). Dette skal bidra til meir heilskaplege utdanningsløp, betre karrierevegar for studentane, og ei styrking av den yrkesfaglege utdanningsvegen frå vidaregåande nivå. Stortinget vedtok i si handsaming av meldinga at fullført og bestått fagskuleutdanning på nivå NKR 6 og 7 skal ha nemningar som er i tråd med i dei landa i Europa som Norge samarbeider mest med. I tillegg blei det vedtatt at utdanningane skal koplast til ECTS.

Meldinga legg stor vekt på auka fullmakter og meir føreseieleg finansiering av fagskulane. Finansieringa skal styrkast, og fagskulane skal få tilskotet som rammetildeling. I tillegg skal det fremjast eit forslag til lovfesta samfunnsoppdrag for fagskulane. Eit slikt samfunnsoppdrag skal setje ein klar retning for den vidare utviklinga av fagskulane som utdanningsinstitusjonar, og bidra til å avgrensa arbeidsdelinga mellom fagskular, fylkeskommunar og universitet og høgskular.

Fleire tiltak i meldinga er retta mot kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning. Frå styrking av kvaliteten til meir tilsyn og auka kunnskap om kvalitet i desse utdanningane. Mellom anna skal Noregs Forskringsråd kvart år lyse ut 25 millionar kroner til forskning på yrkesfagleg og høgare yrkesfagleg utdanning.

Kjelde: HK-dir

2 Metode og datagrunnlag

2.1.1 Datakjelder

Data til tilstandsrapporten er i hovudsak henta frå fagskulestatistikken i Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-HYU) som er drifta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Tala er innrapporterte frå fagskular og fylkeskommunar til DBH-HYU, og speglar sektoren i tal frå 2024.

Vi har òg brukt tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) for å kople studentar til bustadfylke og studiefylke.

2.1.2 Teljing av studentar

Aktive studentar på utdanningstilbod på 30 studiepoeng og over vert talde 1. oktober, og rapporterte inn til DBH-HYU 15. oktober. Dersom ein student er registrert på fleire utdanningstilbod, vert studenten talt fleire gongar. Talet på studentar er derfor noko høgare enn talet på individ i sektoren, som er måten SSB tel studentar.

For studentar på kortare studietilbod under 30 studiepoeng er det tre rapporteringar i løpet av året, der fagskulane kan rapportere talet på studentar som er aktive mellom teljetidspunkta. Studentar på studietilbod under 30 studiepoeng kan vere meldt opp til fleire kortare studietilbod både vår, sommar og haust. Sidan det er meir vanleg at ein student er registrert på fleire tilbod ved same studiestad innanfor eit semester, vel vi å telje desse som unike individ frå heile året.

Studenttalet for 2024 (34 000) er derfor ein kombinasjon av aktive studentar på utdanningstilbod på 30 studiepoeng og over på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (individ) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

I [tabell 3.3](#) fokuserer vi på utviklinga av kortare studietilbod under 30 studiepoeng i dei ulike fagområda. I den tabellen tel vi alle oppmeldingar, og nokre studentar er derfor talde fleire gonger i den tabellen.

Nokre av studentane som Veia rapporterte inn til DBH-HYU for 2023 vart på grunn av ein feil ikkje overført til databasen. Det gjeld totalt 271 studentar som fordeler seg på vår og haust 2023. For hausten 2023, inkludert studentar (individ) på kortare tilbod haust og vår, blir det 119 fleire studentar. DBH-HYU er no oppdatert, og tala for 2023 er derfor høgare i denne tilstandsrapporten enn førre.

Kategori uoppgitt er fjerna i dei ulike figurane og tabellane, men er tilgjengeleg saman med datagrunnlaget i [vedlegget for figurane og tabellane](#).

2.1.3 Skulepengar

På grunn av feilrapportering av skulepengar frå enkelte fagskular, har vi nokre stader brukt utrekna tal i staden for rapporterte tal. Skulepengar er utrekna med utgangspunkt i rapportert studentbetaling per student per semester for tilbod på 30 studiepoeng eller meir.

Det er gjort ei korrigerings i tilfelle der utdanningstilbodet varer meir enn eitt semester, og der studentbetalinga per semester er lik eller høgare enn den rapporterte betalinga for heile utdanningstilbodet, eller lik eller lågare enn 100 kroner per semester. I slike tilfelle er studentbetalinga utrekna ved å dele den rapporterte betalinga for heile utdanningstilbodet på talet på semester. For kortare tilbod under 30 studiepoeng tek vi utgangspunkt i studentbetaling for heile tilbodet når vi reknar ut totalbeløpet.

Gjennom arbeidet med tilstandsrapporten jobbar vi vidare med tala som vart innrapporterte frå fagskulane, og oppdagar då nokre feil og manglar. På generelt grunnlag ser vi at det ligg eit potensiale for betre datakvalitet. Dette fordrar at fagskulane styrker kvalitetssikringa si av tala dei rapporterer, slik at det blir færre og mindre feil i tala i DBH-HYU.

2.1.4 Gradar

Når vi omtalar utdanningar av ulikt omfang, nyttar vi følgjande inndelingar:

- Høgare fagskulegrad (120–180 studiepoeng)
- Fagskulegrad (60–119 studiepoeng)
- Korte utdanningstilbod (30–59 studiepoeng)
- Kortare studietilbod (<30 studiepoeng)

2.1.5 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar

Vi nyttar felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar ved inndeling i fagområde og utdanningstype. I figurar der fagområda er inkludert, har vi ekskludert kategorien uoppgitt fagområde.

Tabell 2.1 FKF- Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanninger

Fagområde	Utdanningstype
Kreative fag (kreativ)	Visuell kunst
	Musikk, dans og drama
	Film og foto
	Design
	Interiør
	Mote
	Anna
ØkAdm-fag (ØkAdm)	Leiing
	Kontor
	Lønn og rekneskap
	Marknadsføring
	Reiseliv
	Anna
Tekniske fag (teknisk)	Bygg og anlegg
	Elektro/energi
	Industri/kjemi
	Petroleum
	Data-IT
	Modellering
	Anna
Helse- og velferdsfag (helse og velferd)	Helse
	Oppvekst
	Anna
Samferdselsfag (samferdsel)	Jernbane
	Luftfart
	Maritim-Dekk
	Maritim-Maskin
	Anna
Anna	Grøne fag
	Mat og drikke
	Religion
	Skjønnheitspleie
	Anna

Vedlegg: [T2.1](#)

Kjelde: NOKUT

3 Studentane

Den gjennomsnittlege studenten i høgare yrkesfagleg utdanning skil seg frå det tradisjonelle bilete av ein fulltidsstudent. Dei fleste fagskulestudentane er over 30 år, er deltidsstudent ved ei nett- og samlingsbasert utdanning, og har ein yrkesfagleg kompetanse i botn. Dei er i stor grad vaksne arbeidstakarar med lang arbeidserfaring, og er ofte i ein livssituasjon som ikkje let seg kombinere med utdanning på heiltid. Fagskulestudenten er difor avhengig av utdanningar som er fleksible og tilpassa det å stå i arbeid. Men biletet er sjølvsagt meir samansett, og i dette kapitlet går vi nærare inn på dei ulike kjenneteikna til studentane i høgare yrkesfagleg utdanning.

For å få eit utfyllande bilete av utviklinga i høgare yrkesfagleg utdanning må vi sjå talet på studentar og talet på heiltidsekvivalentar (HTE) i samanheng. Ein heiltidsekvivalent vil seie ein student som er meldt opp til eit utdanningstilbod på totalt 60 studiepoeng per år, altså ein fulltidsstudent. Fordi det er mange deltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning, og stadig fleire som tek kortare utdanningar på færre en 30 studiepoeng totalt, blir det fleire studentar per heiltidsekvivalent. Til dømes vil to studentar som tek eit eittårig tilbod på deltid med 50 prosent til saman utgjere ein heiltidsekvivalent.

3.1 Studentar og heiltidsekvivalentar

3.1.1 Satsinga på fagskulane gir utteljing

Den store satsinga på fagskulane dei siste sju åra gir framleis utteljing mellom anna i talet på studentar. I 2024 tel vi like over 34 000 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning. Det er ein auke på åtte prosent, eller 2 500 studentar frå 2023. I fjor kunne vi melde at studenttalet hadde dobla seg sidan 2017, hausten 2024 ser vi ein vekst på 117 prosent frå 2017. Veksten kjem i både dei offentleg finansierte og dei skulepengefinansierte utdanningane, men det er klart størst vekst som følgje av auken i offentleg finansiering med over 2 100 fleire studentar, ein auke på 9 prosent frå 2023. Veksten i den skulepengefinansierte delen av sektoren var på 410 studentar, eller 5 prosent frå 2023. Sjå kapittel [5.6](#) for meir analyse av utviklinga i lys av finansiering. I fortsettinga i dette kapitlet bruker vi offentleg og privat eigarskap som perspektiv på tala.


3.1.2 Vekst i talet på både studentar og heiltidsekvivalentar

Ein heiltidsekvivalent vil seie ein student som tar 60 studiepoeng per år, altså ein fulltidsstudent. Fordi det er mange deltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning, og stadig fleire som tek kortare utdanningar på færre en 30 studiepoeng totalt, blir

det fleire studentar per heiltidsekvivalent. Til dømes vil to studentar som tek eit eittårig tilbod på deltid med 50 prosent til saman utgjere ein heiltidsekvivalent.

I figur 3.1 ser vi fordelinga av studentar og heiltidsekvivalentar på private og offentlege fagskular. Hausten 2024 var det 17 750 studentar ved private fagskular og 16 250 ved offentlege fagskular. Sidan 2017 har talet på studentar auka mest ved dei private fagskulane, med 140 prosent. Dei offentlege har i same periode auka med 96 prosent i talet på studentar. Frå 2023 til 2024 er det derimot dei offentlege fagskulane som har hatt størst prosentvis auke med ni prosentpoeng (1 400 studentar), mens talet på studentar ved private har auka med sju prosentpoeng (1 200 studentar).

Figur 3.1 Studentar og heiltidsekvivalentar etter eigarskap, 2017–2024



Merknad: Ein heiltidsekvivalent vil seie ein student som tar 60 studiepoeng per år, altså ein fulltidsstudent.

Vedlegg: [F3.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figuren viser òg at utviklinga i studenttalet og utviklinga i heiltidsekvivalentar veks parallelt, men at veksten i talet på studentar er høgare enn talet på heiltidsekvivalentar. Samla vekst i heiltidsekvivalentar har vore på 86 prosent (9 800 HTE) sidan 2017. Her er det stor skilnad mellom offentlege og private fagskular, som har hatt ein høvesvis vekst i heiltidsekvivalentar på 56 prosent (3 400 HTE) og 120

prosent (6 400 HTE). Frå 2023 til 2024 auka heiltidsekvivalentane med 7 prosent totalt sett, og utviklinga var noko lunde lik ved dei offentleg og private fagskulane.

Den sterke veksten i heiltidsekvivalentar ved dei private fagskulane heng først og fremst saman med at tilfanget av utdanningar på heiltid har halde fram med å auke. Sidan 2017 har det vore ein vekst på 93 prosent i talet på heiltidsekvivalentar på heiltidsutdanningar i dei private fagskulane. Dette står i motsats til dei offentlege fagskulane der omfanget av heiltidsstudiar har gått ned med 14 prosent sidan 2017, mens deltidsutdanningane har auka med 130 prosent.

Skilnaden i utviklinga her heng saman med fleire faktorar, som fagområde, utdanningsform og skulepengar. Dette kjem vi nærare inn på i kapitela som følgjer, til dømes i kapittel [3.2](#), [3.5](#) og [5.6](#).

Sjå vedlegg [V1](#) for korleis heiltidsekvivalentar har utvikla seg fordelt på finansieringsform i perioden 2017–2024, og vedlegg [V2](#) for utviklinga av heiltidsekvivalentar i høve til studiepoengeiningar i same periode.

3.1.3 Studentar ved private fagskular

Dei 17 750 studentane ved private fagskular fordeler seg på 45 ulike fagskular i 2024. Det aller meste av den omtalte veksten frå 2023 kom frå fagskular med fleire enn 1 000 studentar.

Mykje av veksten i den private delen av sektoren har kome som følgje av auka offentleg tilskot, jamfør kapittel [5.6](#), men det har òg vore ein vekst i den skulepengefinansierte delen.

Den største fagskulen er framleis Noroff med 3 800 studentar. For fyste gong sidan 2018 har dei ein nedgang i talet på studentar. Nedgangen frå 2023 til 2024 er fem prosent (220 studentar). Den nest største private fagskulen er Din Kompetanse fagskule med over 2 000 studentar, dei har økt med om lag 850 studentar (70 prosent) siste året. Dette er ein relativt ny fagskule som på kort tid har etablert seg over store deler av landet med særleg fokus på oppvekstfag, eit område som det har vore relativt få tilbod på tidlegare.

Fagskulen Kristiania er den tredje største private fagskulen med 1 900 studentar. Dei har hatt ein auke på 10 prosent siste året. I 2024 kjøpte eigaren av Fagskolen Kristiania opp NKI Fagskoler og MedLearn AS. Om desse tre organisasjonane vert fusjonert i framtida, vil Fagskolen Kristiania truleg verte den største fagskulen i tida som kjem, då MedLearn og NKI er høvesvis den fjerde og femte største private fagskulen med 1 900 og 1 800 studentar.

Fagskulen Tirna³ er den sjette største private fagskulen med nesten 1 200 studentar. Den siste av fagskulane med over 1 000 studentar er Gokstad Akademiet som òg har hatt ein markant vekst sidan 2023 på 250 studentar (30 prosent). Totalt har dei no like over 1 000 studentar. AOF Norge hadde nærare 350 studentar då dei gjekk konkurs våren 2024. Samla auke ved alle dei andre private fagskulane som ikkje er omtala her, er på til saman 138 studentar

3.1.4 Studentar ved offentlege fagskular

Dei 16 250 studentane ved offentlege fagskular er fordelt på 18 ulike fagskular, kor av 12 er fylkeskommunalt eig, 5 er statlege og ein er eigd av statlege helseføretak. Dei fire største offentlege fagskulane hausten 2024 er Fagskolen Viken (2 700 studentar), Fagskolen Rogaland (2 400 studentar), Fagskulen Vestland (2 000 studentar) og Fagskolen Innlandet (2 000 studentar).

Medan Fagskulen Viken har fått 100 fleire studentar (opp 4 prosent), har Fagskulen Rogaland fått 460 fleire studentar i 2024. Det utgjør ein auke på heile 24 prosent siste året. Ved Fagskolen Innlandet har det blitt 330 fleire studentar, det utgjør ein auke på 19 prosent. Fagskulen Vestland har uendra studenttal frå 2023 til 2024.

Ved Fagskulen i Agder er det 100 fleire studentar (opp 16 prosent) medan Nordland Fagskule har 80 fleire studentar (opp 21 prosent). Norges grønne fagskole – Veia og Norsk fagskole for lokomotivførere er dei fagskulane med størst nedgang i talet på studentar, med høvesvis 115 og 59 færre studentar i 2024 enn i 2023. Nedgangen utgjør 32 prosent hos begge fagskulane.

Sjå vedlegg [V4](#) for oversikt over studiepoengeiningar fordelt på eigarskap og institusjonar.

3.1.5 Dei fleste studentane tek ei gradsutdanning


Høgare yrkesfagleg utdanning kan være kort og under 30 studiepoeng, men òg strekke seg opp til høgare fagskulegrad på inntil 180 studiepoeng. [Figur 3.2](#) viser at det stadig er fleire studentar som tek gradsutdanning.

I 2024 var det 27 900 studentar som tok ei utdanning som fører til fagskulegrad (13 700) eller høgare fagskulegrad (14 100). I høve til 2023, vart det 1 000 fleire studentar på fagskulegrad i 2024, og 797 fleire studentar på høgare fagskulegrad. Til saman utgjør studentane på gradsutdanningar 82 prosent av studentane.

³ Skifta namn frå Fagskolen AOF Vestlandet-Agder i 2024

Dei siste par åra har talet på studentar på fagskulegrad auka meir enn høgare fagskulegrad, og dei er no snart jamstore. Som del av alle studentane har studentar på fagskulegrad auka frå 30 til 40 prosent i perioden 2017–2024. Dette heng i stor grad saman med veksten i helse- og velferdsutdanningar og økonomi- og administrasjonsutdanningar som tradisjonelt har vore eittårige. Delen studentar på høgare fagskulegrad har gått ned frå om lag 60 til 40 prosent i same periode.

Figur 3.2 Studentar på fagskulegrad, korte utdanningstilbod og kortare studietilbod 2017–2024



Vedlegg: [F3.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

I 2024 var det 3 400 studentar på korte utdanningar under 60 studiepoeng og 2 700 studentar på kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Dei utgjør høvesvis ti og åtte prosent av studentane, talt som individ. I kapittel 3.5.3 kjem vi tilbake til kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Der tel vi oppmeldingar, og studentar som er meldt opp til fleire tilbod vil derfor teljast fleire gonger, og tala vert høgare enn her i dette kapitelet.

Utviklinga i studentar på tilbod under 30 studiepoeng og tilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, fekk ein klar topp under pandemien, for deretter å gå noko ned igjen. Dette skuldast den ekstraordinære satsinga på korte tilbod i den perioden for å møte

den bråe auken i permisjonar i ein del bransjar. Dei to siste åra ser vi ein liten auke i talet på studentar på tilbod av kortare omfang, særleg under 30 studiepoeng.

Ein del av utviklinga i omfanget av dei korte tilboda skyldast statleg tilskot gjennom ordningane bransjeprogram, industrifagskulen og tilskot for fleksible og desentraliserte utdanningar. Desse ordningane blir omtala i kapittel 5.1.5.

Tabell 3.1 viser talet på studentar på studietilbod av ulikt omfang fordelt på fagskular med offentleg og privat eigarskap i 2019 og 2024. Vedlegg [V11](#) viser studentane si alder på studietilbod av ulikt omfang i perioden 2017–2024.

Ved offentlege fagskular tar omlag 60 prosent av studentane ein høgare fagskulegrad (9 500 studentar), medan 25 prosent tar ein fagskulegrad (4 000 studentar). Det er 5 prosent av studentane som går på korte utdanningstilbod på 30–59 studiepoeng (900 studentar), medan like over 10 prosent av studentane går på kortare studietilbod under 30 studiepoeng (1 900 studentar).

Ved dei private fagskulane tek 55 prosent av studentane ein fagskulegrad (9 800 studentar), medan 25 prosent tek ein høgare fagskulegrad (4 600 studentar). Om lag 15 prosent av studentane på private fagskular tek korte utdanningstilbod på 30–59 studiepoeng (2 600 studentar), og berre fire prosent (800 studentar) går på kortare studietilbod under 30 studiepoeng.

Tabell 3.1 Studentar på kortare studietilbod, korte utdanningstilbod og fagskulegradar, 2019 og 2024

	2019			2024		
	Offentleg	Privat	Totalt	Offentleg	Privat	Totalt
Kortare studietilbod, under 30 stp.	-	-	-	1 898	780	2 678
Korte utdanningstilbod, 30–59 stp.	250	1 938	2 188	877	2 566	3 443
Fagskulegrad, 60–119 stp.	2 106	4 612	6 718	3 954	9 793	13 747
Høgare fagskulegrad, 120–180 stp.	6 678	2 715	9 393	9 529	4 619	14 148
Totalt	9 034	9 265	18 299	16 258	17 758	34 016

Merknad: Studentar på kortare studietilbod under 30 studiepoeng er her talte som individ for heile året. Talet er lågare enn i [tabell 3.3](#) kor vi har talt oppmeldingar til kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Det var totalt 2 678 individ og 3 618 oppmeldingar til kortare tilbod i 2024

Vedlegg: [T3.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tekstboks 2 Nasjonalt studentombod

Stortinget vedtok i mai 2024 at alle fagskulestudentar skal ha tilgang til eit nasjonalt studentombod frå 1. august 2025. Etableringa av det nasjonale studentombodet er eit tiltak for å sikre likeverdig tilgang til uavhengig studentstøtte i heile fagskulesektoren. Det byggjer vidare på kravet frå 2019 om at alle universitet, høgskular og fagskular skulle sikre studentane tilgang til eit studentombod. Fram til no har det vore opp til kvar institusjon å organisere dette lokalt, med høve til samarbeid mellom mindre institusjonar. Endringa flyttar ansvaret for å tilby studentombod frå den enkelte fagskulen til staten, og det er med det ikkje lenger styret ved fagskulane som har ansvar for å sikre at studentane har tilgang til eit ombod.

Det nasjonale studentombodet skal organiserast og driftast av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, og vil vere lokalisert i Tromsø. Ordninga skal bestå av to heiltidsstillingar og vil omfatte alle fagskulestudentar, uavhengig av om dei er tilknytte offentlege eller private institusjonar.

Studentomboda sine oppgåver omfattar å rettleie studentane i klagesaker, bidra til å løyse saker på lågast mogleg nivå og løfte saker til institusjonsstyret eller institusjonen sitt kvalitetssikringsarbeid ved behov. Det nasjonale studentombodet skal, på lik linje med dagens studentombod, gi råd og hjelp i studiesaker – uavhengig av om saka har prinsipiell betyding. Ombodet har teieplikt og skal utføre arbeidet uavhengig og fritt.

Det nasjonale studentombodet skal operere uavhengig av institusjonane og har teieplikt i samsvar med forvaltningslova. Dette er avgjerande for å ivareta studentane si tillit og rettstryggleik, og for å bidra til eit trygt og inkluderande læringsmiljø.

Kjelde: HK-dir

3.2 Fordeling av studentar på fagområde

Demografiske endringar, teknologiutvikling, grøn omstilling og geopolitiske spenningar påverkar kompetansebehova i arbeidslivet. Desse megatrendane set òg krav til kompetanseheving og formell utdanning for arbeidstakarar gjennom heile yrkeslivet, noko Stortingsmeldinga *Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning* (Meld. St. 11 (2024–2025)) greier meir ut om. Etterspurnaden etter praksisnær høgare yrkesfagleg utdanning er høg i fleire sektorar arbeidslivet. Helsepersonellkommisjonen peikar på behov for personell med breiare kompetanse innanfor medisin og helsefag (NOU 2023: 4). NHO sitt kompetansebarometer reknar til at medlemsbedriftene manglar 12 000 personar med høgare yrkesfagleg utdanning innan tekniske fag (Furholt, Jon & Børing, Pål, 2024), og partane i maritim næring melder om eit stort behov for sjøfolk dei komande åra (Rege, Maren et al., 2024). I ein kompleks og uføreseieleg verden vert solid kompetanse innan totalberedskap peika på som naudsynt for å sikre nasjonal tryggleik og stabilitet. I dette kapittelet skal vi sjå på korleis studentane fordeler seg på fagområda i høgare yrkesfagleg utdanning.

3.2.1 Tre dominerande fagområde

Tekniske fag, helse- og velferdsfag, og økonomi- og administrasjonsfag held fram som dei tre største fagområda i 2024. Det er i desse fagområde ein òg ser sterkast vekst i talet på studentar frå 2023 til 2024, sjå figur 3.3.

Tekniske fag er det støste fagområdet, med totalt om lag 14 500 studentar. Frå 2023 til 2024 auka studenttalet på tekniske fag med 1 100 studentar (åtte prosent). Det er utdanningane i bygg og anlegg som er størst, med vel 4 200 studentar i 2024, det svarar til ti prosent auke sidan 2023.

Data/IT-fag er det nest største faget i kategorien tekniske fag med 3 800 studentar, etter ein sterk vekst frå 490 studentar i 2017. I 2024 har denne veksten flata ut, og det er om lag same tal studentar som i 2023. Kva dette skuldast veit vi ikkje sikkert. Det vert meldt om behov for IT-kompetanse, samstundes vert det meldt om ein tøff arbeidsmarknad, særskilt for nyutdanna. I følge NAV hadde talet på utlyste stillingar innanfor IT ein nedgang på 34 prosent frå august 2022 til 2023, og talet på arbeidsledige har auka med 28 prosent i same periode (Vaaland, Mattis, 2023). Det kan med andre ord vere ein naturleg korrigering av tidlegare kraftig vekst på grunn av endringar i arbeidsmarknaden.

Det er Noroff som er desidert størst på data/IT-fag, med 2 400 studentar, det svarar til 65 prosent av alle data/IT studentane. I 2024 har dei ein nedgang i talet på data/IT studentar (110 studentar, 4 prosent) medan andre, særleg Gokstad Akademiet, har ein


vekst (100 studentar, 23 prosent). Det er stadig fleire fagskular som tilbyr data/IT-fag med offentlig finansiering, medan Noroff finansierer alt med skulepengar.

På utdanningar i elektro/energi var det om lag 3 200 studentar, og ein auke på seks prosent sidan 2023. På industri/kjemi-fag var det om lag 2 200 studentar, ein auke på 8 prosent frå 2023.

Den største relative auken ser vi på utdanningar i modellering med 46 prosent, eller 200 studentar. Her er det i hovudsak tre nye tilbod i teknisk design ved fagskulen Noroff som står for auken.

I kategorien anna innan tekniske fag vart det 200 fleire studentar i 2024, noko som utgjer ein auke på 180 prosent. Dette er i hovudsak studentar frå Brann- og redningsskolen som i januar 2024 opna ny toårig utdanning i brann, redning og samfunnstryggleik.

Figur 3.3 Studentar per fagområde, 2017–2024



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Helse- og velferdsfag auka med om lag 900 studentar (12 prosent), og det vart då totalt 8 500 studentar på dette fagområdet i 2024. Auken var størst innan oppvekstutdanningar, der vart det om lag 570 fleire studentar i 2024, ein auke på 26 prosent. Innan helsefaga ser vi berre ein prosent auke (66 studentar) sidan 2023. Sidan 2021 har talet på helsefagstudentar auka med berre 15 prosent til totalt 650 studentar.

På tross av det store omfanget av helsefagarbeidarar i den kommunale helse- og omsorgstenesta, og det sterke fokuset på å kvalifisere dei til å avlaste sjukepleiarar, er veksten i studenttalet på relevante fagskuleutdanningar lågare enn det ein kunne vente. Undersøkingar frå NIFU viser at helsefagarbeidarar med fagskuleutdanning i liten grad får økonomisk utteljing for vidareutdanninga. Dei opplever sjeldan endringar i stilling eller arbeidsoppgåver etter gjennomført utdanning, noko som truleg påverkar motivasjonen for å ta eit deltidsstudium over to år (Høst, Håkon et al., 2025, s. 18). I tillegg kan kombinasjonen av turnusarbeid og studiar vere krevjande dersom arbeidsgivar ikkje legg til rette. Det finst likevel døme på vellukka samarbeid. Mellom anna i Oslo, der studentar ved Fagskolen i Oslo får, i samarbeid med Sjukeheimsetaten, finansiert utdanninga si, fri med lønn eller integrert studium i turnus (Meld. St. 11 (2024–2025), s. 55).

Økonomi- og administrasjonsfaga har sidan 2020 vakse fram som eit av dei tre største fagområda. I 2024 var det 6 100 studentar på desse faga, ein auke på 450 studentar (8 prosent) sidan 2023. Auken er hovudsakeleg på utdanningar i leiing (23 prosent), og løn og rekneskap (11 prosent). Samstundes har det vore ein reduksjon i talet på studentar på utdanningar i reiseliv og marknadsføring.

Det aukande talet studentar på økonomi- og administrasjonsfag, ser vi både i offentlege og privat finansierte utdanningstilbod. Det vil seie at det både har vore prioritert offentlig finansiering til desse utdanningane, samstundes som studentar òg har vist betalingsvilje. Dette kan vi tolke som at utdanningane treff ein etterspurnad etter denne kompetansen. Kandidatundersøkinga viser til dømes at utdanningar i økonomi- og administrasjonsfag både er vidareutdanning for etablerte arbeidstakarar men òg grunnutdanning for personar som vil inn på arbeidsmarknaden eller omskolere seg (Alne, Ragnar et al., 2023).

Utviklinga i talet på studentar på fagområda kreative fag, samferdselsfag og anna har vore noko lunde stabil sidan 2017. I 2024 var det 2 400 studentar ved kreative fag, det er ein svak nedgang på 100 studentar frå året før, hovudsakeleg på utdanningar innan design og musikk, dans og drama.


Ved samferdselsfag vart det ein auke på 230 studentar frå 2023 til 2024. Auken var på dei maritime utdanningane og luftfart, medan utdanningane innanfor jernbane hadde ein liten reduksjon.

Sjå vedlegg [V5](#) og [V6](#) for studentar og studiepoengeiningar fordelt på fagområde og eigarskap.

3.2.2 Utvikling i fagområda i høve til kvarandre

[Figur 3.4](#) viser utviklinga i den relative storleiken til kvart fagområde i åra 2017–2024. Sjølv om det frå år til år ikkje er store endringar her, er det mogeleg å sjå trendar over tid.

Figur 3.4 Andel studentar etter fagområde, 2017–2024



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figuren speglar at det er dei tre største fagområda som har vakse desidert mest, og derfor utgjør ein stadig større del av det samla bilete. Tekniske fag er det absolutt største fagområdet, og dei siste tre åra har delen studentar på tekniske fag vore på sitt høgste med 43 prosent av studentane.

Delen studentar på helse- og velferdsfag har tatt seg opp etter ein liten nedgang under pandemien, og utgjer no 25 prosent av alle studentane.

Det tredje største fagområdet er økonomi og administrasjon som har 18 prosent av studentane. Dette fagområdet fekk ein oppsving frå 11 prosent til 16 prosent med tiltak som vert satt i gang under pandemien. Det ser ut til at dette fagområdet har klart å treffe eit behov blant studentane og arbeidslivet, og derfor held seg stabilt opp mot 20 prosent.

Denne utviklinga er i tråd med behova for teknologisk kompetanse og gode velferdstenester som er dei prioriterte områda for utdanning og kompetanse i utsynsmeldinga (Meld. St. 11 (2024–2025); Meld. St. 14 (2022–2023)). Prioriteringa av utdanningar som er viktige for det grønne skiftet er vanskelegare å spore i desse tala, då dette ikkje er eit område som lett let seg avgrense til konkrete utdanningar. Samstundes er veksten i økonomi- og administrasjonsfag ikkje openbart i tråd med dei politiske føringane, men dei representerer likevel generiske kompetansar som bedrifter alltid vil trenge, slik som leiarkompetanse, økonomi og rekneskap, for å nemne noko.

Medan studenttalet ved kreative fag og samferdselsfag har vore stabilt i heile perioden frå 2017–2024, som vist i [figur 3.3.](#), har den relative delen studentar ved desse fagområda vorte halvert sidan 2017. I 2024 utgjorde studentane ved kreative fag 7 prosent og studentar ved samferdselsfag utgjorde 6 prosent av alle studentar. Nedgangen i den relative delen studentar skuldast at dei andre fagområda aukar i talet på studentar og utgjer derfor ein større del av den totale studentmengda.

3.3 Tilgang til utdanning og geografisk spreining


Eit sentralt mål for høgare yrkesfagleg utdanning er at tilboda skal vere tilgjengelege over heile landet. Det er difor relevant å undersøkje kor studentane tek utdanninga si – om dei deltek i stadbaserte eller samlingsbaserte tilbod i dei ulike fylka, eller om dei føretrekk nettbaserte studium som er uavhengige av geografi. Studentane sin bustad gir òg nyttig informasjon om i kva grad fagskulane når ut nasjonalt med sine 178 studiestadar og fleksible nettbaserte løysingar.

3.3.1 Kor vel studentane å studere?

Figur 3.5 viser korleis studentar på stadbaserte og samlingsbaserte utdanningstilbod fordeler seg på studiestader ved offentlege og private fagskular i dei ulike fylka. Utdanningstilbod med nettbasert undervisning er skilt ut som eigen kategori sidan det ikkje gir meining å tilskrive desse studentane til eit einskild fylke når vi vil forstå den geografiske spreininga av studentane. Det er om lag 10 600 studentar på nettbaserte

tilbod, dei resterande om lag 23 400 studentane er knytt til studiestadar i dei ulike fylka.

Figur 3.5 Studentar etter studiefylke og eigarskap, 2024



Merknad: Sortert etter totalt tal på studentar i fylket. Studentar på nettbaserte tilbod blir ikkje plassert i eit fylke, men i kategorien nettbaserte utdanningar.

Vedlegg: [F3.5](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Flest studentar i Oslo

Oslo, Rogaland og Vestland er dei tre fylka med flest studentar. I 2024 var det over 4 000 studentar ved studiestadar lokalisert i Oslo, 3 000 studentar i Rogaland og 2 600 studentar i Vestland fylke. Av dei totalt 9 600 studentane i desse fylka var 2 900 studentar ved private fagskular, når vi heldt dei nettbaserte tilboda utanom.

Talet på studentar er i all hovudsak proporsjonal med innbyggjartalet i dei ulike fylka. Unntaka er Akershus, Møre og Romsdal og Finnmark som relativt sett har færre studentar pr innbyggjar enn dei andre fylka. I desse tre fylka var det òg færrest

studentar i 2024. Det var om lag 100 studentar i Finnmark, og kring 550 studentar i Møre og Romsdal og Akershus fylke.

Det relativt låge talet på studentar i Akershus kan henge saman med nærleiken særleg til Oslo, men òg Buskerud og Østfold, som alle har ein meir utbygd fagskuletradisjon enn Akershus. Det er òg mogleg at det i nokon grad speglar næringsstrukturen i fylket. Det er til dømes relativt få sysselsette i industrien i Akershus. Akershus skil seg frå dei fleste andre fylker ved at dei har størst andel studentar innan helse og velferd. I tillegg er det ein relativ høg andel av studentane som er busett i Akershus som studerer på nett, jf. [figur 3.6](#).

Den relativt låge andelen studentar i Møre og Romsdal heng dårleg saman med både næringsstrukturen i fylket og andelen elevvar på vidaregåande som vel yrkesfaglege utdanningar. I Finnmark tek fleirtalet av elevane i vidaregåande opplæring yrkesfag, men det totale elevtalet har gått ned. Tal frå SSB reknar at det også framover vil verte færre avgangselevvar dei komande åra, noko som kan påverke rekrutteringa til høgare yrkesfagleg utdanning (Finnmark fylkeskommune, 2024; Statistisk sentralbyrå, 2024).

Dei offentlege fagskulane har flest studentar i dei fleste fylka

Korleis talet på studentar fordel seg på offentlege og private fagskular i dei ulike fylka heng saman med kva fagskular som har studiestader der. Dei offentlege fagskulane har flest studentar i dei fleste fylka. Dette heng saman med at desse fagskulane har ein langt høgare andel av studentane sine på stad- og samlingsbaserte tilbod, og ikkje dei reint nettbaserte som vi har plassert i ein eigen kategori.

Basert på fagskulane sine søknader til fylkeskommunane om tilskot til drift er det grunnar til å tru at vi i tida framover vil sjå ei dreining i retning av fleire samlingsbaserte tilbod òg hos private aktørar. Finansieringssystemet legg opp til at fagskular berre kan søkje om tilskot i fylker der dei har studiestadar. Det vil seie at reint nettbaserte tilbod berre kan søkje om tilskot i eitt fylke.

I Innlandet er det 2 300 studentar på stad- og samlingsbaserte tilbod, og over 80 prosent av dei studerer ved Fagskolen Innlandet som er ein offentleg fagskule. I Vestfold og Oslo tilhøyrer over 70 prosent av studentane private fagskular. I Agder og Akershus er studentane jamt fordelte på studiestader til offentlege og private fagskular. Sjå vedlegg [Fylkesoversikter – statistikk og omtale av dei einskilde fylka](#) for fleire detaljer om studentar, heiltidsekvivalentar og finansiering for dei einskilde fylka.

Flest studentar på nett ved private fagskular


Det store fleirtalet av studentar på private fagskular finn vi på dei nettbaserte tilboda. Totalt er det om lag 10 600 studentar ved nettbaserte utdanningstilbod, og om lag 9 300 (90 prosent) av dei er studentar ved private fagskular.

Figur 3.6 viser den relative fordelinga av utdanningsformer som studentane i dei ulike bustadfylke følger. Studentane sitt bustadfylke er henta frå folkeregisteret. Ein kan sjå at studentar på stadbaserte og nettbaserte utdanningar med samling utgjer om lag 70–75 prosent av studentane i alle fylke.

Den geografiske fordelinga av studentar speglar både institusjonslandskapet og busettingsmønster i landet. I dei nordlege fylke, der både folketal og talet på studiestader er lågare enn resten av landet, er det òg lågast del studentar på stadbaserte utdanningar (om lag 10 prosent). I Oslo og Agder er høvesvis 42 og 45 prosent av studentane på stadbaserte utdanningar.

Om vi ser på dei heilt nettbaserte utdanningstilboda utan samlingar, vert desse følgde av om lag 25–30 prosent av studentane i kvart av landets fylke. Nettbaserte utdanningar gjer det mogeleg for fleire å kunne delta på utdanning, og er ein stadig aukande utdanningsform. I kapittel [3.5](#) kjem vi nærare inn på fleksible utdanningstilbod.

Sjå vedleggstabellane for fleire detaljar om studentane sitt bustadfylke og studiefylke, fordelt på eigarskap ([V7](#)), finansieringsform ([V8](#) og [V9](#)) og utdanningsform ([V10](#)).

Figur 3.6 Andel studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform, 2024

Merknad: Studentar der bustadfylket er ukjend, vert ikkje viste i figuren. Sjå tabellvedlegg for talet på desse studentane og ein gjennomgang av forskjellane mellom talet på studentar frå HK-dir/DBH-HYU og Statistisk sentralbyrå. I figuren er data sortert etter aukande del studentar på stadbaserte utdanningar.

Vedlegg: [F3.6](#)

Kjelde: Utdanningsstatistikk, Statistisk sentralbyrå


3.3.2 Kva studentane studerer varierer mellom fylkeskommunane

Det kompetansepolitiske ansvaret i regionane ligg hos fylkeskommunane. Dei skal sørge for at det vert tilbydd høgare yrkesfagleg utdanning som svarar til lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov. Derfor forvaltar dei òg dei statlege tilskota til drift av fagskular. Sjå kapittel 5 og kapittel 6 for analyser av tilbodsstrukturen i lys av finansiering og utviklinga i dei einssilde fylka.

I dette kapittelet gjer vi eit overordna bilete av korleis tilbodsstrukturen ser ut i dei ulike fylka, uavhengig av korleis dei offentlege midlane til drift vert prioriterte. [Figur 3.7](#) viser den relative fordelinga av studentar på dei ulike fagområda i kvart fylke. I

utgangspunktet bør vi kunne forvente at utdanningane som vert tilbydd og etterspurt i dei ulike fylke, i stor grad speglar det regionale arbeidslivet og næringsstrukturen. Som tidlegare er nettbaserte tilbod er samla i ein eigen kategori.

Figur 3.7 Andel studentar, fordelt på fagområde og fylke, 2024



Merknad: Sortert etter andel studentar på tekniske fag. Studentar på nettbaserte tilbod blir ikkje plassert i fylke, men i kategorien nettbaserte utdanningar.

Vedlegg: [F3.7](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figur 3.7 gir eit tydeleg bilete av at tilbodsstrukturen ser svært ulik ut i dei ulike fylka. Telemark, som er eit typisk industrifylke, skil seg ut med ein særst høg del av studentmassen i tekniske utdanningar, medan resten finst i helse- og velferdsfag. Delen studentar på tekniske fag er jamt over høg i dei fleste fylker der vi kan vente å finne ein relativt høg del sysselsette innan industrirelaterte bransjar. Lågast del studentar på tekniske fag finn vi mellom anna i Vestfold, noko som kanskje er overraskande gitt at det er mykje industri her òg. Men i dette fylket er det òg ein relativt høg andel av sysselsette i andre næringar som til dømes internetthandel og IKT, i tillegg til maritim transport. I tillegg er ein av få luftfartsutdanningar, som har eit nasjonalt nedslagsfelt, lokalisert i Vestfold. Det er derfor rimeleg at det er eit større

innslag av fagområda samferdsel og økonomi- og administrasjonsfag her samanlikna med til dømes Telemark (SØA, 2020).

På same måte ser vi ein svært høg andel studentar på samferdselsfag i Møre og Romsdal, der skipsfart er ei viktig næring. Maritim næring er også viktig i dei fleste kystfylke, noko studenttala speglar.

Helse- og velferdsfag er eit fagområde der ein kunne forvente at det var ein relativt høg del studentar i alle fylker, og kanskje at volumet spegla demografien i dei ulike fylka i nokon grad. I fylka Akershus, Østfold og Rogaland utgjer studentar på helse- og velferdsfag over 40 posent. I dei aller fleste andre fylka, med unntak av Telemark, Troms, Buskerud og Vestland, er det over 20 prosent studentar ved helse- og velferdsfag.

Skilnadene i delen studentar på helse- og velferdsfag kan henge saman med fleire ting. Utdanningane innan helse- og oppvekst er stort sett offentleg finansierte, òg ved dei private fagskulane. Ettersom det er få utsikter til korkje lønsauke eller stillingsendring etter ei fagskuleutdanning i helsefag, er det truleg ikkje særleg høg betalingsvilje for desse utdanningane. Dette betyr at fylkeskommunane sine prioriteringar av tilskot til drift vil kunne spele ei meir direkte rolle. I tillegg vil fagskulane sine satsingar spele ei avgjerande rolle, slik vi har sett med Din kompetanse som fylte eit kompetansehol på tvers av fylka innan oppvekstutdanningar, og vart prioritert i fordelinga av tilskot i fleire av fylka.

Fylkeskommunen er avhengig av at ein relevant tilbydar er til stades for å kunne prioritere utdanningane i fordelinga av tilskot. Ein tredje faktor kan vere at dei nettbaserte tilboda dekkjer etterspurnaden i ein del regionar. Ein fjerde faktor kan vere i kva grad arbeidsgivarar, i dette tilfellet stort sett kommunar, har fokus på kompetanseheving for tilsette i helse- og oppvekstsektoren. Dette kan påverke etterspurnaden.

Økonomi og administrasjon er det tredje største fagområdet. Her ser vi at det er stor variasjon i kor stor del studentar ved desse utdanningane utgjer i kvart fylke. Kvar tredje student innfor økonomi og administrasjon følgjer nettbaserte tilbod. I Rogaland studerer over 25 prosent av studentane utdanningar innanfor økonomi og administrasjon, medan Troms, Finnmark og Telemark ikkje har nokon aktive stad- eller samlingsbaserte studentar ved økonomi og administrasjon.

Kreative fag er representert i berre nokre få fylke. Studentar ved kreative fag finn ein i hovudsak i Oslo (28 prosent), Akershus (12 prosent) og Vestland fylke (12 prosent),

medan Troms, Finnmark, Telemark, Buskerud og Østfold ikkje har studentar på kreative fag.


Oslo er fylket med mest jamn fordeling av studentar mellom de ulike fagområda. I dette fylke er fagområdet kreativ, som er eit av dei minste fagområda på landsbasis, størst. Heile ein av tre studentar i Oslo går på ei kreativ utdanning. Dette heng naturleg saman med at det er fleire fagskular som tilbyr slike utdanningar i Oslo, og at kultursektoren av naturlege grunnar er størst i Oslo.

3.4 Alder og kjønn

I 2024 var det 47 prosent kvinnelege og 53 prosent mannlege studentar i høgare yrkesfagleg utdanning. I snitt var studentane 34 år, men dei kvinnelege studentane var i snitt 4 år eldre enn dei mannlege, høvesvis 36 år og 32 år.

Figur 3.8 viser kor stor del av studentane i høgare yrkesfagleg utdanning som er i dei ulike aldersgruppene, samt fordelinga mellom menn og kvinner i kvar aldersgruppe.

Figur 3.8 Andel studentar etter alder og kjønn 2024



Merknad: Kategorien 41–50 år omfattar fleire år enn dei andre fire kategoriane frå 20–40 år.

Vedlegg: [F3.8](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Studentane fordeler seg relativt jamt på kvar av dei ulike aldersgruppene i spennet frå 20 til 50 år. Tar vi høgde for at aldersgruppa 41–50 år omfattar fleire år enn dei andre kategoriane, er det noko færre studentar i det øvre sjiktet. Totalt sett er 60 prosent av studentane 30 år eller eldre. Dette skil seg frå universitet- og høgskulestudentane, som er 28 år i snitt.

Vi ser samstundes at menn og kvinner fordeler seg ulikt på aldersgruppene. I hovudsak er dei mannlege studentane yngre enn dei kvinnelege. Den største aldersgruppa for dei mannlege studentane er 20–25 år (25 prosent) og 48 prosent av dei er under 30 år. Tilsvarende er det største gruppa kvinnelege studentar 41–50 år (23 prosent), og totalt er 68 prosent av dei kvinnelege studentane over 30 år. I aldersgruppa over 50 år finn vi 1 656 kvinner og 854 menn.

Figur 3.9 viser aldersfordelinga til studentane innanfor dei ulike fagområda. Der ser vi klart to store grupper yngre studentar frå 20–24 år på samferdselsfag og kreative fag. Heile 61 prosent av studentane på samferdselsfag er i denne aldersgruppa, tilsvarende nesten halvparten av studentane på kreative fag (48 prosent). Mange av studentane på samferdsel kjem i stor grad frå lærlingtid i vidaregåande til vidareutdanning innanfor dei maritime faga. Det er og mange som kjem frå vidaregåande for å ta grunnutdanningar innanfor dei tekniske faga og dei kreative faga (Alne, Ragnar et al., 2023).

Vi ser òg at studentane innan særleg helse og velferd, og økonomi og administrasjon er eldre enn studentane på dei andre fagområda. Innan helse og velferd er heile 80 prosent av studentane 30 år eller eldre, medan tilsvarende andel for økonomi og administrasjon er 73 prosent. På dei tekniske utdanningane er aldersfordelinga noko jamnare, der er 48 prosent av studentane under 30 år.

Figur 3.9 Andel studentar etter fagområde og alder, 2024


Merknad: Kategorien 41-50 år omfattar fleire år enn dei andre fire kategoriane frå 20-40 år. Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.9](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figur 3.10 viser kjønnsfordelinga innanfor kvar av fagområda i høgare yrkesfagleg utdanning. Vi ser at innanfor helse og velferd er dei aller fleste studentane kvinner (86 prosent). Her er det ein tydeleg samanheng mellom fagområde, kjønn og alder. Vi har allereie sett at det er flest eldre studentar på dette fagområdet ([figur 3.9](#)), og at dei kvinnelege studentane generelt sett er eldre ([figur 3.8](#)).

Vidare ser vi òg ein stor del kvinner innanfor kreative fag (69 prosent), og økonomi- og administrasjonsfag (67 prosent). På den andre sida er studentane på samferdselsfag og tekniske fag i all hovudsak menn – her står menn for høvesvis 91 prosent og 84 prosent av studentane. Kjønnsfordelinga i dei typisk mannsdominerte og kvinnedominerte fagområda er i stor grad stabile over tid, men vi ser til dømes at delen menn i helse og velferd har auka frå 10 til 14 prosent sidan 2017, sjå vedlegg [V15](#). Tilsvarende har delen kvinner innan tekniske fag auka frå 6 prosent i 2017 til 16 prosent i 2024, sjå vedlegg [V14](#). I kreative fag, der kvinner allereie er i fleirtal, har delen kvinner *auka* dei siste åra, frå 59 prosent i 2017 til 69 prosent i 2024.

Figur 3.10 Andel studentar etter kjønn og fagområde, 2017–2024

Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane. Tabellvedlegget inkluderer ein tidsserie for åra 2017–2024.

Vedlegg: [F3.10](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod

Fleksibilitet i utdanninga handlar først og fremst om fleksibilitet for å velje det som passar best for den einskilde student. Ulike studentar har ulike behov, og fleksibilitet kan derfor vere fleire ting. I dette kapittelet omtalar vi deltid, nettbaserte og korte studietilbod som fleksible utdanningar. Men geografi spelar òg ei viktig rolle for å gjere utdanninga fleksibel. Geografi er omtala i kapittel [3.3](#).

3.5.1 Deltidsutdanningar gjer det mogleg å studere ved sida av jobb

I 2024 var det 25 000 studentar som tok utdanninga si på deltid. Det svarar til 74 prosent av alle studentane. I høve til 2023, er det 2 200 fleire deltidsstudentar, ein auke på 10 prosent. I perioden frå 2017 har det vore ein jamn auke i talet på deltidsstudentar, men dei utgjer òg ein større del av studentane. I 2017 studerte 60 prosent på deltid.

[Figur 3.11](#) viser korleis talet på studentar fordeler seg på heiltids- og deltidsutdanningar per fagområde. I vedlegg [V13](#) kan ein sjå utviklinga per fagområde frå 2017 til 2024. I helse- og velferdsfaga var om lag alle studentane (8 300 studentar, 98 prosent) på deltidsutdanningar i 2024. Denne fordelinga mellom heiltid og deltid på helse- og velferdsutdanningar har vore stabil sidan 2017.


Deltidsstudentane utgjer òg ein stor del innanfor økonomi- og administrasjonsfag (81 prosent) og tekniske fag (72 prosent) i 2024, med høvesvis 4 900 og 10 400 deltidsstudentar. For begge fagområda har delen deltidsstudentar auka sidan 2017.

For samferdselsfag og kreative fag er biletet motsett, innanfor desse fagområda var det flest heiltidsstudentar i 2014. Men utviklinga sidan 2017 går òg her mot større del av studentane på deltid.

Ved samferdselsfag var 87 prosent av studentane heiltidsstudentar i 2024. I perioden frå 2017–2023 har nær 100 prosent av studentane på samferdsel vore heiltidsstudentar. Men det siste året har det vorte 159 fleire deltidsstudentar, det svarar til ein auke frå 4 til 13 prosent på deltid.

Innanfor kreative fag var det 2 000 heiltidsstudentar i 2024, det svarar til 84 prosent av studentane innanfor det fagområdet. Frå 2023 har talet studentar på kreative fag gått svakt ned, men talet og delen deltidsstudentar har auka.

Figur 3.11 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde, 2024



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.11](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tabell 3.2 viser fordelinga av heiltids- og deltidsstudentar innanfor ulike aldersgrupper. Ein ser tydeleg at delen deltidsstudentar aukar med aukande alder. Det ser ut til å være eit skilje for studentar over og under 25 år, der heiltid er det mest vanlege for dei under 25 år, og deltid mest vanleg for studentar over 25 år. Som ein kan sjå, er heile 90 prosent av studentane over 40 år deltidsstudentar. Dette mønsteret har ikkje endra seg i særleg grad sidan 2017. Dette viser korleis deltidsutdanning verkar som den føretrekte utdanningsforma for dei eldre studentane som gjerne er dei som kombinerer utdanning med jobb og familieliv.

Sett i samanheng med alder og fagområde, som omtala over, skil studentar ved kreative fag og samferdselsfag seg ut som yngre heiltidsstudentar. Noko som òg passar med at utdanningar innan desse fagområda i stor grad er grunnutdanningar og vidareutdanningar som blir tatt direkte etter lærlingtid i vidaregåande skole (Alne, Ragnar et al., 2023).

Tabell 3.2 Studentar på heiltid og deltid etter alder, 2024

Alder	Studentar på deltid	Andel deltid per aldersgruppe	Studentar på heiltid	Andel heiltid per aldersgruppe	Totalt
Under 20	41	12 %	291	88 %	332
20–24	3 020	44 %	3 787	56 %	6 807
25–29	4 657	70 %	1 956	30 %	6 613
30–34	4 501	78 %	1 260	22 %	5 761
35–40	4 922	85 %	877	15 %	5 799
41–50	5 579	90 %	631	10 %	6 210
Over 50	2 296	92 %	198	8 %	2 494
Totalt	25 016	74 %	9 000	26 %	34 016

Vedlegg: [T3.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

3.5.2 Nett- og samlingsbaserte utdanningar gjer utdanning lettare tilgjengeleg


Nett- og samlingsbaserte utdanningar vil seie fleksibilitet i både tid og stad for studentane. Som [figur 3.12](#) viser, har det sidan 2017 vore ein kraftig auke i talet på studentar på desse utdanningsformene. I 2024 var det 14 000 studentar på samlingsbaserte tilbod (29 prosent auke), mens 10 600 studentar var på heilt nettbaserte tilbod (7 prosent auke). Til saman utgjer desse 72 prosent av alle studentane, og samla auke for studentar på nett- og samlingsbaserte tilbod har auka med 18 prosent sidan 2023.

Det var 9 400 studentar på stadbasererte utdanningstilbod i 2024. Sidan 2017 har talet studentar svinga mellom 9 700 og 11 800, men som del av alle studentane har studentar på stadbasererte tilbod gått frå 62 prosent i 2017 til 28 prosent i 2024. Frå 2023 til 2024 var det en reduksjon på om lag 1 300 studentar på stadbasererte tilbod i 2024,

og for første gong var det fleire studentar på *både* samlings- og nettbaserte utdanningar enn på stadbaserte utdanningar.

Talet studentar på nettbaserte utdanningstilbod har auka med heile 340 prosent i perioden 2017–2024, tilsvarende har talet studentar på dei samlingsbaserte utdanningstilboda auka med 294 prosent.

Figur 3.12 Studentar etter utdanningsform, 2017–2024



Merknad: 374 studentar i 2020 har ukjend utdanningsform, og vert ikkje vist i figuren.

Vedlegg: [F3.12](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

I vedlegg [V12](#) er utdanningsform kryssa med alder og utdanning på heiltid og deltid. Der ser vi òg mønsteret som er skissert over. Dei aller fleste yngre studentane under 25 år studerer heiltid på stadbaserte tilbod, medan eldre studentar over 30 år i størst grad fordeler seg på samling- og nettbaserte deltidstilbod.

3.5.3 Kortare studietilbod under 30 studiepoeng kan senke terskelen for å starte på ei utdanning

Tabell 3.3 viser talet på oppmeldingar til kortare studietilbod under 30 studiepoeng, og kor stor del dei utgjer av alle oppmeldingar under 30 studiepoeng. Her vil ein student som har meldt seg opp til to ulike tilbod bli telt to gonger, og tala er derfor høgare enn talet på studentar som vart vist i figur 3.2.

I 2024 vart det registrert 3 600 oppmeldingar⁴ til kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Over halvparten var meldt opp til tilbod i tekniske fag (2 000), medan 30 prosent var innanfor økonomi og administrasjon (1 100). I høve til 2023 er talet på oppmeldingar til dei korte studietilboda uendra, men frå 2022 til 2023, auka talet med 78 prosent, frå 2 000 til 3 600. Dei fleste studentane (41 prosent) var melde opp til tilbod på 10 studiepoeng. Ein fjerdedel tek tilbod på 5 studiepoeng.

Dei miste tilboda som vart tilbydt ved fagskular i 2024, var på 2,5 studiepoeng og berre 27 studentar var meldt opp til eit slikt tilbod. Dette var høvesvis 21 studentar ved prosjektleiing for anleggsbransjen ved Noregs grønne fagskule – Veia, og seks studentar ved tilbodet Cyber Security for everyone ved Oslo Nye Fagskule.

Frå 2022 til 2023 var det størst auke i oppmeldingar til dei kortare studietilboda innanfor tekniske fag, og økonomi- og administrasjonsfag, med høvesvis 800 og 500 fleire oppmeldingar. Vi kan òg sjå ei interessant utvikling i oppmelding til kortare studietilbod innanfor helse og velferd. I 2022 var det berre 45 oppmeldingar, og det svarte til to prosent av alle oppmeldingar til kortare tilbod under 30 studiepoeng. I 2023 vart det 150 fleire oppmeldingar, og andelen auka til tre prosent. I 2024 vart det berre 15 fleire, men andelen har auka til seks prosent. Auken er i stor grad knytt til modular innan observasjons- og vurderingskompetanse, velferdsteknologi og eldreomsorg. Fleire av desse modulane kan settast saman til ei 60 studiepoengs utdanning (fagskulegrad).

Tilnærma 90 prosent av studentane ved tilbod under 30 studiepoeng er meldt opp til eit tilbod som ikkje er vitnemålgivande, altså tilboda er modular, gjerne henta frå lengre utdanningar, som gjev karakterutskrift som dokumentasjon på avlagde studiepoeng og oppnådd kompetanse

⁴ Det var 2 678 enkeltpersonar som var meldt opp 3 615 gonger, med andre ord, i nokre av tilfella var ein og same person meldt opp til fleire tilbod same år

Tabell 3.3 Oppmeldingar til kortare studietilbod under 30 studiepoeng fordelt på fagområde, 2022, 2023 og 2024

Fagområde	Antal 2022	Andel 2022	Antal 2023	Andel 2023	Antal 2024	Andel 2024
Helse og velferd	45	2 %	193	5 %	208	6 %
Kreativ	.	.	.	.	.	.
Samferdsel	.	.	.	.	.	.
Teknisk	1 119	55 %	1 936	54 %	1 970	54 %
ØkAdm	622	31 %	1 136	32 %	1 102	30 %
Anna	68	3 %	119	3 %	205	6 %
Uoppgitt	170	8 %	216	6 %	133	4 %
Totalt	2 024	100 %	3 600	100 %	3 618	100 %

Merknad: Kortare studietilbod under 30 studiepoeng skil seg frå dei lengre tilboda frå og med 30 studiepoeng ved at studentane oftare er meldt opp til fleire kortare studietilbod i løpet av eit år. Til dømes var det totalt 2 678 individ og 3 618 oppmeldingar til kortare tilbod i 2024.

Vedlegg: [T3.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Når vi skal sjå på kortare studietilbod, er det naudsynt å supplere biletet med utdanningar på til og med 30 studiepoeng. Dette heng saman med at det gjennom tilskotsordningar som til dømes Industrifagskulen og bransjeprogramma vert tilbydd korte og fleksible utdanningar på til og med 30 studiepoeng. Ti fagskular har rapportert inn at nesten 3 000 studentar var meldt opp til om lag 558 HTE på utdanningar som vart finansiert gjennom desse to tilskotsordningane i 2024⁵. Om lag 44 prosent av desse heiltidsekvivalentane er knytt til utdanningar på 30 studiepoeng. Det store fleirtalet av studentane er likevel meldt opp til tilbod på 10 studiepoeng.

Fleire av desse tilboda er modular av lengre utdanningar. I dei jamlege dialogmøta mellom fagskular som har ramme gjennom Industrifagskulen, partane i arbeidslivet og HK-dir, kjem det fram at kortare studietilbod i modular senkar terskelen for at tilsette i industri- og byggenæringa søkjer seg til høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskulane fortel at personar som først har teke ein modul, ofte melder seg opp til fleire. Med andre ord kan det å dele opp lengre utdanningar i modular vere eit effektivt grep for å rekruttere studentar, då det senker terskelen for å starte på ei utdanning.

Når vi ser på tilboda finansiert gjennom Industrifagskulen og bransjeprogramma som vart tilbydde i 2024, er om lag 60 tilbod med meir enn 2 000 studentar ikkje-vitnemålgivande, altså tilboda er modular, gjerne henta frå lengre utdanningar, som

⁵ Grunna avgrensingar i Visma in School, som dei fylkeskommunale fagskulane er pålagde å bruke til skuleadministrativt system, er det feil og manglar i rapporteringa knytt til korte og fleksible tilbod.

gjev karakterutskrift som dokumentasjon på avlagde studiepoeng og oppnådd kompetanse. Om lag 40 av tilboda, med nesten 1 000 studentar er vitnemålsgivande tilbod, altså er tilboda utvikla og akkreditert som sjølvstendige utdanningar som gjev eit vitnemål.


3.6 Opptaksgrunnlag

Hausten 2024 var det over 18 000 nye studentar som starta på ei høgare yrkesfagleg utdanning. Det var om lag 670 fleire enn i 2023 og utgjer ein auke på 4 prosent. [Figur 3.13](#) viser kva opptaksgrunnlag som vart lagt til grunn ved opptak av desse studentane. Opptaksgrunnlaget seier kva kompetanse som krevst for å komme inn på ein utdanning.

3.6.1 Dei fleste vert tatt opp på grunnlag av yrkesfaglege kompetanse

Yrkesfagleg kompetanse, oftast i form av fag- eller sveinebrev, er det vanlegaste opptaksgrunnlaget. [Figur 3.13](#) viser korleis nye studentar fordeler seg på dei ulike opptaksgrunnlaga for åra 2017–2024. Figuren viser tydeleg at talet på studentar med opptak på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse har auka jamt med veksten i talet på studentar.

Figur 3.13 Nye studentar etter opptaksgrunnlag, 2017–2024



Vedlegg: [F3.13](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Av dei totalt 18 000 nye studentane i 2024 vart 9 450 (52 prosent) tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Dette er ein relativ nedgang frå ein nokså jamn del på 57–59 prosent mellom 2017 og 2023. Noko av nedgangen kan skyldast at ein

del studentar som tidlegare ville blitt rapporterte inn med yrkesfagleg opptaksgrunnlag, no vert rapporterte inn med opptak på grunnlag av til dømes høgare yrkesfagleg utdanning eller spesielle opptakskrav – to nye kategoriar i rapporteringa. Dette kan likevel ikkje forklare heile nedgangen i den relative delen av studentar som vart tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse.

Noko av forklaringa kan derimot ligge i utviklinga i realkompetansevurdering. Bruken av realkompetansevurdering som opptaksgrunnlag har auka kraftig dei siste åra, og i 2024 vart om lag 4 200 (23 prosent) av alle nye studentar tatt opp på grunnlag av realkompetansevurdering. Det er 940 (30 prosent) fleire enn året før, og heile 342 prosent auke sidan 2017. Vi ser nærare på kva som ligg i tala for realkompetansevurdering i kapittel [3.6.4](#).

Det tredje mest vanlege kompetansegrunnlaget for opptak til høgare yrkesfagleg er generell studiekompetanse, og det gjeld 3 700 (21 prosent) av alle nye studentar i 2024. Sjølv om det reelle talet på studentar med opptak på grunnlag av generell studiekompetanse har auka sidan 2017, har den relative delen av det samla studenttalet gått ned med seks prosentpoeng frå 27 prosent.

I 2023 vart rapporteringa av opptaksgrunnlag endra for å få ei rapportering som var meir i samsvar med fagskoleforskrifta: kategorien anna kompetansegrunnlag vart erstatta med dei tre kategoriane høgare yrkesfagleg utdanning, utanlandsk utdanning og spesielle opptakskrav. Spesielle opptakskrav kan til dømes vere opptaksprøver til kunstfaglege utdanningar, eller spesifikke krav til sertifiseringar eller liknande.

I 2024 vart 660 nye studentar rapportert på desse nye kategoriane for opptaksgrunnlag. Det er 260 fleire enn året før. Av desse vart 300 tatt opp på grunnlag av spesielle opptakskrav,⁶ medan like over 200 var tatt opp på grunnlag av anna høgare yrkesfagleg utdanning.


Av de 150 studentane med opptak på grunnlag av utanlandsk utdanningsbakgrunn hadde om lag 70 norsk statsborgarskap og litt over 30 islandsk statsborgarskap. Deretter følgjer Ukraina, Japan og Nederland med høvesvis 8, 7 og 4. Over 40 prosent av alle med opptak på bakgrunn av utanlandsk utdanning studerer ved ein av luftfartsfagskulane.

⁶ Fagskoleforskrifta § 7(4) slår fast at «Med spesielle opptakskrav menes krav om bestemte fag, fagbrev, svennebrev, karakterer, poeng, opptaksprøver, arbeidserfaringer, autorisasjoner, sertifiseringer eller andre yrkesgodkjenninger.» Vi har ikkje data om kva som inngår i dei spesielle opptakskrava som er stilt.

3.6.2 Tydelege samanhengar mellom opptaksgrunnlag og fagområda

Figur 3.14 viser kva opptaksgrunnlag som vart lagt til grunn for opptak til dei ulike fagområda i 2024. I fagområda teknisk, helse og velferd og samferdsel har meir enn 60 prosent av studentane opptak på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. I dei kreative faga er generell studiekompetanse opptaksgrunnlag for 60 prosent av dei nye studentane. Dei nye studentane på økonomi- og administrasjonsfag i 2024 fordelte seg jamt mellom yrkesfagleg kompetanse, generell studiekompetanse og realkompetansevurdering.

Figur 3.14 Nye studentar etter opptaksgrunnlag per fagområde, 2024



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.14](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Den store auken i opptak på grunnlag av realkompetansevurdering som vi kunne sjå i [figur 3.13](#) er særleg tydeleg innan helse- og velferdsfaga, og dei tekniske faga.

Vedlegg [V16](#) viser korleis opptaksgrunnlag til dei ulike fagområda har utvikla seg frå 2017–2024. Berre frå 2023 til 2024 har bruken av realkompetansevurdering i helse- og velferdsfaga auka med nesten 120 prosent, frå 600 studentar til 1 350. Samstundes, og dels på grunn av auken i realkompetansevurdering, har den relative delen med yrkesfagleg opptaksgrunnlag til helse- og velferdsfag gått ned frå 80 til 60 prosent frå 2023 til 2024.

Vi ser noko av den same tendensen i dei tekniske faga der delen nye studentar med opptak på grunnlag av yrkesfagleg bakgrunn gått ned frå 71 prosent i 2021 til 64 prosent i 2024. Den relative nedgangen heng saman med at bruken av realkompetansevurdering har auka mykje. Frå 2021 til 2024 er auken på nesten 145 prosent. I 2024 hadde 19 prosent av alle nye studentar i tekniske fag opptak på grunnlag av realkompetansevurdering, mot 10 prosent i 2021. Utviklinga i bruk av realkompetansevurdering blir òg omtalt i tilknyting til [figur 3.16](#). Generell studiekompetanse vart i 2024 brukt som opptaksgrunnlag for 15 prosent av studentane i dei tekniske faga. Desse finn vi i stor grad i data/IT-faga.

Data/IT er plassert i kategorien tekniske fag, men vi ser at desse studentane skil seg frå studentar på andre tekniske fag langs fleire ulike variablar, som til dømes alder. Dette gjeld òg opptaksgrunnlag. Studentane på data/IT-fag utgjer over 80 prosent av alle nye studentar på tekniske fag med opptak på grunnlag av generell studiekompetanse. For alle andre fag i kategorien tekniske fag er yrkes- og realkompetanse dei desidert viktigaste opptaksgrunnlag. Opptaksgrunnlaget for dei andre meir tradisjonelle faga er i hovudsak yrkeskompetanse følgt av realkompetanse.


I økonomi- og administrasjonsfaga ser vi at det er tredeling mellom yrkesfagleg kompetanse, generell studiekompetanse og realkompetanse som opptaksgrunnlag. Fordelinga mellom opptaksgrunnlag svingar relativt mykje frå år til år i dette fagområdet, men sidan 2017 har det vert ein tendens i retning av at ein større del ein høgare andel av studentane blir tatt opp på grunnlag av yrkes- og realkompetanse.

Dei nye kategoriane for opptaksgrunnlag finn vi igjen på samferdselsfag og kreative fag. Ved opptak til samferdselsfag er det 8 prosent som har utanlandsk utdanningsbakgrunn som kompetansegrunnlag. Mange av desse finn vi i luftfartsutdanningane. På kreative fag vart 16 prosent av studentane tatt opp på bakgrunn av spesielle opptakskrav, truleg opptaksprøvar eller liknande.

3.6.3 Alder og opptaksgrunnlag

Ved å skilje på over og under 30 år på nye studentar i 2024, ser ein i [figur 3.15](#) at bruken av dei ulike opptaksgrunnlaga til ein viss grad heng saman med studentane si alder.

Figur 3.15 Nye studentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder, haust 2024



Vedlegg: [F3.15](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Av studentane med opptak på grunnlag av generell studiekompetanse er 58 prosent under 30 år. Generell studiekompetanse er utbreidd i fag der det ofte er unge studentar, som til dømes dei kreative faga. Som vi såg i [figur 3.14](#), vart 60 prosent av nye studentane på kreative fag tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Tidlegare har vi òg sett på studentanes aldersfordeling på dei ulike fagområda ([figur 3.9](#)). Ved kreative fag er det i størst del studentar mellom 20–24 år.

Samtidig er over 40 prosent av studentane med opptak på grunnlag av generell studiekompetanse over 30 år. Mange av studentane i økonomi- og administrasjonsfag tar utdanninga som eit ledd i å omstille seg til eit nytt yrke (Alne, Ragnar et al., 2023). Desse studentane er derfor litt eldre.

Det same er naturleg nok tilfelle for studentar med opptak på grunnlag av anna høgare yrkesfagleg utdanning og realkompetansevurdering. Desse opptaksgrunnlaga forutset at ein har fullført ein anna utdanning frå før, og/eller at ein har relevant arbeidserfaring.

Det er ikkje veldig mange studentar som blir rapportert med opptak på grunnlag av spesielle opptakskrav, men vi ser at det er stor overvekt av yngre (78 prosent), og at dette opptakskravet i hovudsak vert nytta for opptak til kreative fag, som òg er eit fagområde med sto overvekt av unge studentar.


3.6.4 Nærare om utviklinga i bruk av realkompetansevurdering

Realkompetanse er kompetanse ein har opparbeidd seg gjennom erfaring frå jobb, utdanning, kurs og interesser. Realkompetansevurdering er prosessen å vurdere og verdsetje denne kompetansen. Dersom den opparbeidde kompetansen er slik at den gir deg gode faglege forutsetningar for å kunne fullføre ei bestemt utdanning, kan ein få opptak til utdanninga sjølv om ein manglar det formelle kvalifiseringsgrunnlaget. På denne måten kan fleire få tilgang på relevant utdanning, og fleire får formalisert kompetansen sin, noko som kan styrke posisjonen på arbeidsmarknaden.

Som omtala tidlegare i kapittelet, har fagskulane hatt ein markant auke i bruk av realkompetansevurdering sidan 2017. Særleg dei siste 2-3 åra har utviklinga skutt fart. I 2024 vart 23 prosent av alle nye studentar tatt opp på grunnlag av realkompetansevurdering. Det er likevel ikkje slik at alle desse studentane kjem til fagskulen utan formell kompetanse frå før. Heile 25 prosent av alle studentane med realkompetanse som opptaksgrunnlag i 2024, hadde fullført ein utdanning ved eit universitet eller høgskule frå før, dei fleste ein heil gradsutdanning.

Når fagskuleutdanninga dei søker seg til har fagbrev som opptaksgrunnlag, og søkaren berre har generell studiekompetanse og høgare utdanning frå før, må fagskulen ta dei opp på grunnlag av ein realkompetansevurdering, sjølv om den høgare utdanninga openbart gir dei ein relevant kvalifikasjon, som til dømes når ein sjukepleiar søker seg til helsefag eller ein lærar til oppvekstfag, noko som stadig oftare er tilfelle.

Figur 3.16 viser korleis bruken av realkompetansevurdering ved opptak til dei ulike fagområda har utvikla seg frå 2017–2024. I samband med pandemien starta ein kraftig auke i realkompetansevurdering, først i økonomi- og administrasjonsfaga og så i helse- og velferdsfaga og dei tekniske faga. I 2024 vart 1 350 nye studentar til helse- og velferdsfag tatt opp på grunnlag realkompetansevurdering, tilsvarande 1 260 ved tekniske fag og 1 200 ved økonomi- og administrasjonsfag.

Figur 3.16 Nye studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse fordelt på fagområde, 2017–2024

Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.16](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Utviklinga av realkompetansevurdering i helse- og velferdsfaga skjer ved fleire fagskular, men særleg éin fagskule skil seg ut med særleg høg vekst og høgt volum. Fagskulen Din kompetanse, med tilbod i oppvekstfag, stod for nesten 60 prosent av den samla veksten frå 2023 til 2024 på 730 studentar med opptak på grunnlag av realkompetansevurdering i helse- og velferdsfaga. Ifølge fagskulen har dei mange lærarar og andre med utdanning frå universitet og høgskule (UH) som søker seg til utdanningane. Når opptaksgrunnlaget til utdanningane er fagbrev, må desse tas opp på grunnlag av realkompetanse. Veksten i realkompetansevurdering kan med andre ord ikkje utan vidare tolkast som at folk utan formelle kvalifikasjonar får ein veg inn til formell utdanning.

Kryssar vi tala på fagskulestudentar i DBH-HYU med data på tidlegare UH-studentar i DBH kan vi sjå litt meir konkret kva slags bakgrunn desse studentane har. I [tabell 3.4](#) ser vi tal på fagskulestudentar i helse- og velferdsfag hausten 2024 fordelt på fagområde for fullført universitet- eller høgskuleutdanning. Tala viser mellom anna at

det er 100 studentar som starta på ei oppvekstutdanning som har ei lærar- eller pedagogikkutdanning frå UH. På helsefag er det 48 studentar med ei helse- eller sosialfagleg utdanning frå UH. Sjølv om det er nokon tydelege hovudtrekk i tala, er det òg en del spreining i studentanes bakgrunn.

Tabell 3.4 Studentar som starta på helse- og velferdsutdanning i HYU hausten 2024, med fullført utdanning frå eit universitet eller høgskule frå tidlegare

Fagområde for fullført utdanning frå universitet eller høgskule	Helse	Oppvekst	Anna
Allmenne fag	1		1
Helse-, sosial- og idrettsfag	48	19	11
Humanistiske og estetiske fag	19	40	13
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	19	100	9
Naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	2		
Økonomiske og administrative fag	11	6	2
Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	2	1	
Samfunnsfag og juridiske fag	9	2	4
Total	111	168	40

Vedlegg: [T3.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Vi ser noko av den same tendensen i utdanningstypane data/IT og leiling. 27 prosent (1 100) av alle dei 4 200 nye studentane i 2024 med opptak på grunnlag av realkompetansevurdering tok utdanningar i eitt av desse to faga, og 192 av desse hadde fullført ei UH-utdanning frå før. Sjå kapittel [3.9](#) for meir om overgangar mellom fagskule, universitet og høgskule.

3.7 Uteksaminerte studentar


Alle som har fullført eit heilt vitnemålsgivande utdanningstilbod vert rekna som ein uteksaminert student. Det kan vere alt frå høgare fagskulegrad til eit mindre vitnemålsgivande tilbod.

Dei siste åra har det kvart år vore ein kraftig auke i talet på uteksaminerte studentar, og totalt vart det uteksaminert 13 000 kandidatar i 2024. I lys av veksten i talet på studentar er det som venta. Frå 2023–2024 var det 1 700 (15 prosent) fleire uteksaminerte kandidatar. Sidan 2017 har auken i uteksaminerte kandidatar vore på over 130 prosent, frå 5 600 uteksaminerte. Den relative veksten i uteksaminerte kandidatar er høgare enn veksten i studenttalet.

3.7.1 Talet på uteksaminerte kandidatar aukar i takt med veksten i studenttalet

Som vi ser i [figur 3.17](#) er det dei tre største fagområda, tekniske fag, helse- og velferdsfag og økonomi- og administrasjonsfag som òg har flest uteksaminerte, og det er her det har vore sterkast utvikling. I 2024 vart det uteksaminert om lag 4 800 studentar frå tekniske utdanningar, og like over 3 000 studentar med utdanningar i helse og velferd, og økonomi og administrasjon.

Figur 3.17 Uteksaminerte studentar per fagområde, 2017–2024



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.17](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Det vart uteksaminert 1 100 studentar frå kreative fag, og om lag 550 studentar frå samferdselsfag i 2024. Dette er tilnærma uendra frå 2023. Det har vore ei slak positiv utvikling i talet på uteksaminerte studentar i desse fagområda sidan 2017.

Uteksaminerte frå kreative fag har auka 35 prosent frå 2017–2024, og for samferdselsfag har talet på uteksaminerte i same periode auka med 11 prosent.

Figur 3.18 viser talet på uteksaminerte studentar i 2024, fordelt på fagområde og omfanget av utdanningane. I vedlegget til figuren ([F3.18](#)) finn ein tilsvarende tal for 2017–2024.

Figur 3.18 Uteksaminerte studentar frå kortare studietilbod, korte utdanningstilbod og fagskulegrad per fagområde, 2024



Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.

Vedlegg: [F3.18](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

I 2024 vart det uteksaminert 2 500 kandidatar med høgare fagskulegrad frå tekniske fag, 700 frå kreative fag og om lag 400 frå samferdselsfag. Som del av dei uteksaminerte studentane frå kvart av desse fagområda, er det høvesvis 50 prosent, 60 prosent og 70 prosent med høgare fagskulegrad i 2024.

Som ein kan sjå av [figur 3.17](#) vart det uteksaminert kandidatar med fagskulegrad frå alle fagområda i 2024. Det var 2 300 uteksaminerte frå helse og velferd, om lag 1 200 frå økonomi og administrasjon, og om lag 1 100 frå tekniske fag. Ved kreative fag vart det om lag 400 uteksaminerte med fagskulegrad, tilsvarende 150 frå samferdselsfag. Om lag kvar tredje uteksaminerte student frå kreative fag og samferdselsfag i 2024, gjekk ut med ein fagskulegrad.

Uteksaminerte studentar med kortare studietilbod under 30 studiepoeng kjem hovudsakeleg frå tekniske fag (1 000 studentar) og økonomi- og administrasjonsfag (800 studentar), men òg nokre frå helse og velferd, og i kategorien anna.

Dei utviklingstrekk vi ser i perioden frå 2017–2024 er i hovudsak at uteksaminerte på dei kortare studietilboda under 30 studiepoeng er ein aukande del av dei uteksaminerte. Dette gjeld særleg tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfag, men òg helse- og velferdsfag.

Sjå vedlegg [V17](#) og [V18](#) for uteksaminerte fordelt på fagområde, alder og utdanninga sitt omfang.

3.8 Studiepoengproduksjon og fullføring av utdanningar

Når ein student er rapportert inn som aktiv på eit utdanningstilbod kan vi sjå kor mange studiepoeng det er venta at studenten skal ta kvart år fram til utdanninga er fullført. Ved å sjå på kor stor del av dei planlagde studiepoenga som faktisk vert tatt kan vi seie noko om i kva grad studentane lykkast i utdanninga – år for år.

3.8.1 Over 80 prosent av alle venta studiepoeng vert avlagde kvart år

[Tabell 3.5](#) viser kor mange studiepoengeiningar⁷ som var venta avlagt kvart studieår⁸, basert på kva tilbod studentane var melde opp til, og kor mange studiepoeng som faktisk vart avlagde same studieår.

Over 80 prosent av alle venta studiepoeng vert avlagde kvart år, med unntak av det første studieåret under pandemien. Sjølv om del produserte studiepoeng gjekk noko ned i studieåret 2023–2024 i høve til dei to føregåande studieåra, er det overordna bilete ein jamn høg del produserte studiepoengeiningar. I tillegg er strykprosenten⁹ låg i dei enkelte karaktergivande emna, i 2024 var han 3,8 prosent (vedlegg [V19](#)), mot 7,5 prosent i universitet- og høgskulesektoren (HK-dir, 2025).

Vi ser derimot store skilnader i studiepoengproduksjon i høve til forventta langs ulike variablar, det skal vi sjå nærare på under.

⁷ Ein studiepoengeining er 60 studiepoeng faktisk produsert, tilsvarande eit års studiar på heiltid.

Kortare studietilbod under 30 studiepoeng finn vi flest av i dei tekniske faga, der 41 prosent av tilboda er slike kortare tilbod. Dette er ein markant auke frå 2023, då det tilsvarende talet var 21 prosent. Dei kortare studietilboda under 30 studiepoeng i tekniske fag har auka frå 290 til nærare 560 tilbod, og står for det meste av veksten i tilbod i dei tekniske faga som er vist i [figur 4.8](#). Utviklinga er i stor grad stimulert gjennom tilskotsordningar som treparts bransjeprogram for kompetanse, og Industrifagskulen, som begge stiller krav om at tilboda skal være inntil 30 studiepoeng. Ordningane er utforma med partane i arbeidslivet som har peika på behov for slike kortare studietilbod, mellom anna på grunn av teknologiutvikling og det grønne skiftet. Det handlar òg om å legge utdanning til rette for ulike målgrupper, og for nokon er slike kortare studietilbod meir aktuelt og lettare å kombinere med livet elles, enn lengre utdanningar.


Også innanfor økonomiske og administrative fag er det ein stor auke i delen kortare studietilbod under 30 studiepoeng, frå 20 prosent i 2023 til 31 prosent i 2024. Utviklinga her er berre dels stimulert av tilskotsordningar som bransjeprogram og Industrifagskulen. Den desidert største tilbydaren av slike kortare tilbod i økonomi- og administrasjonsfag er NKI fagskule som finansierer tilboda sine med skulepengar.

4.7 Utdanningstilbod på heiltid og deltid

Deltidsutdanningar utgjer eit stort fleirtal av utdanningstilboda i sektoren, og er eit særskilt viktig verkemiddel for å legge til rette for studiar ved sida av arbeid.

Figur 4.11 viser korleis delen av heiltids- og deltidstudanningar er ulikt fordelt mellom dei ulike fagområda. Helse- og velferdsutdanningar vert tilbydd nesten berre på deltid. I dei tekniske faga og dei økonomiske- og administrative faga er det òg ei stor overvekt av deltidstudanningar, men med eit langt høgare innslag av heiltidsutdanningar enn i helse- og velferdsfaga. I samferdsels- og kreative fag er tilboda nesten berre heiltidsutdanningar. I 2024 er det tre fagskular som har starta opp maritime utdanningar på deltid. Dette markerer ein tydeleg endring frå dei faglege tradisjonane. Om desse tilboda lykkast kan vi kome til å sjå større endringar i desse tilboda dei neste åra òg. Til dømes vil deltidstudanningar truleg være meir attraktivt for eldre studentar enn dei vi tradisjonelt finn på dei maritime utdanningane.

Figur 4.11 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde, haust 2024



Merknad: Utdanningstilbod med uoppgitt fagfelt vises ikkje i figuren. Sjå vedlegg for tal på desse tilboda.

Vedlegg: [F4.11](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Den høge andelen deltidstilbod er truleg den viktigaste årsaka til at snittalderen i høgare yrkesfagleg utdanning er 34 år, som omtala i kapittel 3. Deltidsutdanningane legg til rette for at folk som står i arbeid kan ta ein utdanning. I kapittel 3.4 kan du lese meir om kjønn og alder fordelt på dei ulike fagområda. Der ser vi mellom anna at 80 prosent av studentane innan helse er over 30 år, noko som truleg ikkje ville vore tilfellet om utdanningane ikkje var på deltid.

4.8 Stadbaserte, nettbaserte og samlingsbaserte utdanningar

Utdanningstilbod blir tilbydt i tre ulike utdanningsformar i høgare yrkesfagleg utdanning. Det er nettbaserte tilbod, nettbaserte tilbod med fysiske samlingar (forenkla til samlingsbasert), og stadbaserte tilbod. Svært ofte vil ein finne at eitt og same utdanningstilbod vert tilbydt i fleire av utdanningsformene, avhengig av etterspurnaden.

Figur 4.12 Utdanningstilbod etter undervisningsformer, 2017–2024



Vedlegg: [F4.12](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Figur 4.12 viser den relative fordelinga av utdanningstilbod mellom dei tre ulike utdanningsformane. Det har vert ein ganske tydeleg endring i tilbodsstrukturen sidan 2017. Dei stadbaserte tilboda har gått frå å utgjere oppunder 80 prosent av alle tilboda i 2017, til 33 prosent i 2024. Dei nettbaserte tilboda har auka frå åtte til 26 prosent, medan dei samlingsbaserte har gått frå 14 prosent til 41 prosent av det samla talet på utdanningstilbod. Denne utviklinga speglar sjølvsagt den teknologiske


utviklinga, men er òg eit uttrykk for ein fagskulesektor som tilpassar seg endra behov og etterspørsel. I vedleggstabellen til figuren ([F4.12](#)) kan ein sjå utviklinga i reelle tal òg. Der vil ein mellom anna sjå at talet på stadbasererte utdanningar hald fram med å auke fram til 2022, men med langt lågare vekst enn dei to andre utdanningsformane. Frå 2023 har det reelle talet på stadbasererte utdanningar gått ned.

Den høge delen nett- og samlingsbaserte tilbod viser at det er ein marknad for fleksible utdanningstilbod, og som vi kunne vise i [figur 3.12](#) har det sidan 2017 vore kring 300 prosent auke i talet på studentar på desse tilboda. Det kan òg tenkast at det for fagskulane er enklare å skalere opp utdanningstilbod som er nettbaserte og ikkje krev like mykje fysisk infrastruktur.

Kombinasjonen av nettundervisning med fysiske samlingar kan i nokre tilfelle vere knytt til bruk av laboratorium, simulatorar eller liknande som ikkje lar seg løyse over nett. Fleire fagskular gir òg uttrykk for at fysiske samlingar gir betre resultat med tanke på fullføring, og at dei derfor satsar på denne utdanningsforma framfor reint nettbaserte.

[Figur 4.13](#) viser at det er særleg mange samlingsbaserte tilbod i helse- og velferdsfaga og dei tekniske faga, men òg ein del i økonomi- og administrasjonsfaga. Bilete vi ser i figuren er truleg eit resultat både av kva som blir etterspurt av dei som er i målgruppa for faga, og av eigenarten til dei ulike faga. Medan nokre utdanningar har mykje teori, har andre utdanningar med meir praksis eller krav til handtering av utstyr. Studentar på helsefagutdanningane har til dømes ofte praksis og rettleiing på arbeidsplassen sin, og kan elles få undervisning på nett. Men det er ei oppfatning at mange fagskular legg opp til fysiske samlingar, mellom anna fordi det styrker oppfølginga (Andresen, Silje & Breines, Markus Roos, 2024).

Sjå vedleggstabell [V24](#) for utviklinga per fagområde frå 2017–2024.

Figur 4.13 Utdanningstilbod innan ulike utdanningsformer etter fagområde, 2024

Vedlegg: [F4.13](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Utviklinga i fagskulesektoren viser ei stadig større breidde i tilbod og organisering, der utdanningane i aukande grad blir tilpassa både fagleg eigenart, kompetansebehova i arbeidslivet og behova til studentane. Det

store talet på samlingsbaserte tilbod, særleg innan helse- og velferdsfag og tekniske fag, reflekterer ei tilpassing til både praksisnære læringsformer og ønska om tettare oppfølging. Dette illustrerer korleis fagskulane kombinerer fagleg relevans med fleksibilitet. Sektoren som heilskap har vorte meir mangfaldig og spesialisert, samstundes som fleire institusjonar har vorte større og meir robuste. I takt med auka fagområdeakkreditering og fleire digitale og fleksible utdanningsformer, ser vi konturane av ein sektor som er i utvikling – med ambisjonar om å møte både arbeidslivets krav og studentane sine behov på ein meir heilskapleg måte.

5 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning

Både offentlege og private fagskular vert i stor grad finansierte av statlege tilskot, men skulepengefinansierte utdanningar utgjer òg ein vesentleg del av sektoren.

Fylkeskommunane forvaltar det statlege driftstilskotet til fagskulane. Stortinget har fastsett følgande mål for dei utdanningstilboda som vert finansierte av dette tilskotet:

- høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
- relevant høgare yrkesfagleg utdanning som svarer på kompetansebehova i arbeidslivet
- god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i heile landet
- effektiv og veldreven fagskulesektor

Fylkeskommunane lyser kvart år ut driftsmidlar til fagskulane på grunnlag av løyvingane i statsbudsjettet. Kor mykje som vert lyst ut kvart år vil avhenge av om det er midlar til nye studieplassar å fordele, og kor mykje av midlane som er bundne til tilbod som allereie er i gang. Fylkeskommunane har ansvar for å sikre at det vert tilbydd høgare yrkesfagleg utdanning i samsvar med behova for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt, jamfør fagskoleloven (2018, § 3). Dette er viktig for rolla til fylkeskommunane som kompetansepolitisk aktør. Det varierer mellom fylka korleis dei arbeider for å kartlegge behova til arbeidslivet, og gjer prioriteringar på faglege tilbod i høgare yrkesfagleg utdanning. Den nye meldinga til Stortinget, *Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning* (Meld. St. 11 (2024–2025)) inneheld ein del tiltak som vil ha konsekvensar for finansieringa av fagskulane og fylkeskommunane sin forvaltning i framtida.


I tillegg til statleg styring gjennom driftstilskot kjem styring gjennom prosjektbaserte midlar. Eit døme på dette er bransjeprogramma for kompetanse, som bidreg til å utvikle målretta tilbod retta mot konkrete bransjar. Eit anna døme er utviklingsmidlane, som bidreg til auka fokus på kvalitetsfremjande tiltak og utvikling av nye utdanningstilbod.

I 2024 vart det brukt i underkant av 2,8 milliardar kroner på høgare yrkesfagleg utdanning når vi reknar med alle dei ulike statlege og fylkeskommunale tilskota, og skulepengar.¹¹ Om lag halvparten av desse midlane kjem i form av tilskot frå

¹¹ Tala som er oppgitt i rapporten er basert på budsjettvedtak av statlege tilskot, og vedtak om tildelingar i ulike tilskotsordningar. Tala på skulepengar og fylkeskommunale frie inntekter er basert på innrapporteringar til DBH-HYU frå høvesvis fagskular og fylkeskommunar. Nokre fylkeskommunar gir indirekte tilskot til fagskular i form av gratis husleige og diverse tenester som ikkje blir rapportert til DBH-HYU, og derfor ikkje rekna med her.

Kunnskapsdepartementet som fylkeskommunane forvaltar, medan ein tredel kjem i form av skulepengar. Resten er midlar frå fylkeskommunane, frå statlege tilskotsordningar, og direktetildelingar til nokre statlege fagskular.

Figur 5.1 Finansieringskjelder 2024



Vedlegg: [F5.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

5.1 Statleg tilskot til drift av fagskular

I 2024 vart i underkant av 1,4 milliardar kroner løyvd av Stortinget over Kunnskapsdepartementets budsjett til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Midlane forvaltast i hovudsak av fylkeskommunane, og fagskulane kan kvart år søke fylkeskommunane om tilskot til drift av utdanningstilboda. Om lag 58 millionar kroner av dette tilskotet er øyremerka ordninga Industrifagskulen og forvaltast av HK-dir. Det statlege tilskotet til drift er den største av finansieringskjeldene for fagskulane og utgjorde om lag halvparten av den samla finansieringa av sektoren i 2024.

Ein del av dei statlege driftsmidlane er øymerka nokre spesifikke fagskular eller utdanningstilbod, i hovudsak fagskular som har tilbod i kreative fag og religion. Desse totalt 12 fagskulane fekk eit øymerka tilskot etter vedtak i Stortinget i 2019. I 2024 fekk desse fagskulane i underkant av 80 millionar kroner. Samla hadde desse fagskulane i underkant av 600 studentar hausten 2024. Ni av desse tolv fagskulane har færre enn 50 studentar.

Ein del av det statlege tilskotet blir tildelt Industrifagskulen, som er ei ordning for finansiering av kortare studietilbod retta mot industri og bygg. Denne ordninga omfatta 42,5 millionar kroner i 2024. Utover midlane til Industrifagskulen og spesifikke private fagskular, var det i overkant av 1,3 milliard kroner av driftsmidlane over Kunnskapsdepartementets budsjett som vart forvalta av fylkeskommunane i 2024. I kapittel 5.6 ser vi nærare på heiltidsekvivalentar og studiepoengproduksjonen for offentleg finansierte og skulepengefinansierte tilbod. Sjå òg vedlegg [Fylkesoversikter](#), med tal for kvart fylke.

5.2 Fylkeskommunane sine frie inntekter

Fylkeskommunane kan òg bruke av dei frie inntektene sine til fagskulane. Med frie inntekter meiner vi her overføringar frå Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett, som ikkje er øymerka drift av fagskular. Fylkeskommunane tildelte totalt 169,6 millionar kroner frå dei frie inntektene til drift av fagskular i 2024, som vist i [tabell 5.1](#). Dette er ein liten reduksjon i høve til åra før, men det er store skilnader i omfanget mellom dei ulike fylka.

Den største skilnaden ligg i kva fylkeskommunane rapporterer til DBH-HYU og ikkje. Nokre fylkeskommunar gir tilskot til eigen fagskule for at dei sjølv skal betale til dømes husleige, og rapporterer dette tilskotet til DBH-HYU. Andre fylkeskommunar gir gjerne indirekte tilskot til eigen fagskule i form av gratis husleige, HR- og IT-tenester og liknande, og rapporterer derfor ikkje noko til DBH-HYU. Tala på tilskot frå fylkeskommunane sine frie inntekter er derfor ikkje egna til å gjere samanlikningar på tvers av fylkeskommunar, men heller for å sjå utviklinga over tid for dei einskilde fylkeskommunane og i det totale beløpet som blir rapportert.

Tabell 5.1 Tilskot til fagskular frå fylka sine frie inntekter rapportert til DBH-HYU, 2024

Fylkeskommune	Rapportert tilskot frå fylka sine frie inntekter
Agder fylkeskommune	11 785 000
Akershus fylkeskommune	5 073 000
Buskerud fylkeskommune	21 607 000
Finnmark fylkeskommune	0
Innlandet fylkeskommune	0
Møre og Romsdal fylkeskommune	33 900 000
Nordland fylkeskommune	20 881 965
Oslo fylkeskommune	0
Rogaland fylkeskommune	668 000
Telemark fylkeskommune	0
Troms fylkeskommune	30 983 000
Trøndelag fylkeskommune	23 520 000
Vestfold fylkeskommune	0
Vestland fylkeskommune	21 213 000
Totalsum	169 630 965

Merknad: Fylka har ulik praksis på korleis dei støttar eigen fagskule økonomisk med til dømes husleige og administrative tenester. Dette påverkar om og kva dei rapporterer til DBH-HYU. Tala er derfor ikkje egna til å samanlikne på tvers av fylka.

Vedlegg: [T5.1](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Sjølv om det samla tilskotet i 2024 er nokon lunde på same nivå som i 2023 er det store endringar i dei ulike fylka. I to av fylka som vart splitta opp, Viken og Troms og Finnmark, var det ein samla reduksjon i tilskot frå frie inntekter på 37,7 millionar kroner. Samstundes var det ein auke i rapportert bruk av frie inntekter frå fire andre fylkeskommunar på til saman 40,4 millionar kroner. Det er særleg Agder, Møre og Romsdal, Nordland og Trøndelag som rapporterer betydeleg høgare bruk av frie inntekter i 2024, medan Rogaland har redusert tilskotet sitt frå nesten 6 millionar kroner i 2023 til 670 000 kroner.¹²

5.3 Skulepengar

Skulepengar utgjorde om lag 845,5 millionar kroner i 2024. Med skulepengar meiner vi betaling for sjølve utdanningstilbodet, og ikkje semesteravgift, læremateriell, samskipnadsavgift eller liknande. Mesteparten av skulepengane, 829,1 millionar kroner, kom frå betaling for utdanningstilbod frå 30 studiepoeng og over. Knapt 16,5 millionar kroner kom frå betaling for kortare tilbod under 30 studiepoeng. I det vidare ser vi på desse gruppene kvar for seg i samsvar med korleis studentane blir talde i kapittel 3. For tilbod på 30 studiepoeng og over ser vi nærmare på studentar som

¹² Så vidt vi veit er desse endringane reelle endringar i tilskot, og ikkje berre endra rapporteringspraksis hos fylka.

betalte skulepengar hausten 2024. Betaling frå desse studentane utgjer om lag 429,8 millionar kroner av dei totalt 829,1 millionar kronene som blei betalt av denne gruppa studentar i løpet av heile 2024. For tilbod under 30 studiepoeng ser vi på tal for heile 2024.

5.3.1 Skulepengar på utdanningstilbod på 30 studiepoeng og over

Hausten 2024 var det totalt omlag 13 900 studentar som betalte skulepengar for utdanningstilbod frå og med 30 studiepoeng, ein auke på litt over 2 200 studentar. Det er særleg talet på studentar på delvis offentleg finansierte tilbod som aukar, med litt over 1 900 studentar (48 prosent) frå om lag 4 000 i 2023. Det er særleg utviklinga ved Fagskolen Rogaland som slår ut her. Der blei det frå skuleeigarsida avgjort at den fylkeskommunale fagskulen skulle ta skulepengar for utdanningstilboda.

Litt over 7 900 studentar gjekk på utdanningstilbod som var fullfinansiert av skulepengar eller andre eksterne tilskot. Dette er ein moderat auke på nesten 300 studentar frå 2023, og rundt 600 studentar frå 2022. Veksten kjem i hovudsak ved Gokstad Akademiet og NKI, men fleire andre fagskular har òg ein liten vekst. Samtidig har nokon fagskular, særleg Noroff med 220 færre studentar, hatt ein reduksjon i studenttalet som utliknar noko av veksten til dei andre.

Gjennomsnittleg betaling i haustsemesteret for desse 7 900 studentane på utdanningstilbod som er fullfinansiert av skulepengar var på 49 600 kroner i 2024.¹³

Dei 6 000 studentane på utdanningstilbod frå og med 30 studiepoeng som er delvis offentleg finansierte, betalte i snitt 6 000 kroner. Det er store skifter frå år til år i grunnlaget for dei delvis offentleg finansierte tilboda. Til dømes gjekk Fagskolen Viken frå å ha relativt mange delvis offentleg finansierte studentar eitt år til ingen det neste året, som følgje av ein avgjerd om å innføre eit gratisprinsipp. I 2024 blei skulepengar innført for store delar av utdanningane ved Fagskolen Rogaland. Slike store skifter frå år til år medfører at talet på studentar i denne kategorien, og kva dei betalar, kan variere til dels mykje.

Samstundes har talet på studentar på utdanningar på 30 studiepoeng og over som *ikkje* betaler skulepengar, auka med færre enn 100 studentar sidan 2023. Det vil seie at veksten i den offentleg finansierte delen av sektoren dels har kome i tilbod under 30 studiepoeng, og dels i dei delvis offentleg finansierte tilboda. I tillegg har konkurransen til

¹³ Dette snittet inkluderer luftfartsfaga som er særleg dyre og trekker snittet opp. Utan luftfartsfaga, som omfattar om lag 416 studentar, er snittbetalinga for dei resterande 7 500 studentane 37 000 kroner.

AOF Norge, som tidlegare år hadde mellom 400 og 700 studentar på hausten, heilt klart gitt eit utslag her.

5.3.2 Skulepengar på studietilbod under 30 studiepoeng

Kortare studietilbod under 30 studiepoeng skil seg frå resten av tilboda ved at studentane oftare er meldt opp til fleire kortare tilbod i løpet av eit år. Totalt blei det betalt 16,5 millionar kroner i skulepengar på slike kortare studietilbod. Dei om lag 2 700 individa på slike kortare studietilbod i 2024 var til saman meldt opp til litt over 3 600 slike kortare studietilbod. Av desse var om lag 2 460 av oppmeldingane til fullstendig offentleg finansierte tilbod, 120 til delvis offentleg finansierte, og litt fleire enn 1 000 til tilbod fullfinansiert av skulepengar. Snittbetalinga for dei delvis offentleg finansierte tilboda var 4 500 kroner, medan tilbod som var fullfinansiert av skulepengar hadde ein snittbetaling på 15 400 kroner.

Tal frå Lånekassen på utbetalingar av stipend og lån tyder på at det meste av skulepengane på tilbod som er fullfinansiert av skulepengar, betalast av studenten sjølv (Meld. St. 11 (2024–2025), s. 124). Den største fagskulen på slike kortare, skulepengefinansierte studietilbod under 30 studiepoeng er NKI Fagskule som har nesten 660 studentar på tilbod mellom 5 og 15 studiepoeng. Totalt 6,9 millionar kroner av dei totalt 16,5 millionane som vart betalt i skulepengar for slike tilbod i 2024 kom frå NKI.

Det er òg enkelte døme på at arbeidsgivarar betaler for skulepengefinansierte tilbod. Til dømes finansierer Caverion ein utdanning på 20 studiepoeng for 55 studentar ved Fagskolen Innlandet i 2024. Totalt fem millionar kroner av dei totalt 16,9 millionar kronene som blei betalt i skulepengar for kortare studietilbod under 30 studiepoeng vart betalt av Caverion. Det finst fleire eksempel, men vi har ikkje data som skil mellom kva studentar og bedrifter betaler.

5.4 Dei statlege fagskulane

I 2024 var det fem statlege fagskular: Noregs grøne fagskule – Vea, Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og Norsk fagskule for lokomotivførarar, Sjøforsvarets fagskule og Brann- og redningsskulen.

Dei to siste er dei nyaste statlege fagskulane. Sjøforsvarets fagskule er førebels organisert som ei forsøksordning knytt til Forsvarets fag- og funksjonsutdanning, og hadde berre åtte studentar hausten 2024. Fagskulen vert finansiert av Forsvarsdepartementet, men det er ikkje spesifisert kor mykje midlar som går til drifta av fagskulen. Brann- og redningsskulen vert finansiert over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet med totalt 140 millionar kroner til drift av fagskulen i 2024.

Dei tre resterande statlege fagskulane, Veia, dykkarutdanninga og lokførarskolen, fekk totalt 146,6 millionar kroner i 2024. Norsk fagskule for lokomotivførarar vert finansiert over budsjettet til Samferdselsdepartementet, og fekk om lag 84 millionar av desse pengane. Noregs grøne fagskule – Veia fekk om lag 35 millionar, medan Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet fekk 27,3 millionar kroner,¹⁴ begge finansiert over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

5.5 Ulike statlege prosjektmidlar

Kvart år vert det lyst ut midlar til ulike prosjekt i høgare yrkesfagleg utdanning. I 2024 vart det tildelt 115 millionar kroner til fagskular gjennom ulike prosjektbaserte ordningar. [Tabell 5.2](#) gir eit overblikk over kva slags ordningar som inngår i dette talet.

Tabell 5.2 Statlege prosjektmidlar tildelte i 2024

Prosjektmidlar	Tilskot	Kort omtale
Utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning	86 millionar kroner	Tildeling til 63 prosjekt ved 21 fagskular. Fagskulane fekk midlar til å 1) utvikle nye utdanningar i samarbeid med arbeidslivet, 2) få på plass nødvendig utstyr for å kunne tilby utdanningar som gir kompetanse og ferdigheiter som arbeidslivet treng, 3) utforske og ta i bruk digital teknologi i læring og undervisning for slik å auke læringsutbyttet til studentane, og 4) tilby kompetanseheving for lærarar for å sikre undervisning av høg kvalitet.
Treparts bransjeprogram for kompetanse	21,9 millionar kroner	Ordninga dekkjer fleire ulike bransjar, og ulike utdanningsnivå. For fagskulesektoren handlar det om korte, fleksible utdanningstilbod inntil 30 studiepoeng.
Erasmus +	12,2 millionar kroner	Tilskot frå EU sitt utdanningsprogram til internasjonale samarbeidsprosjekt og mobilitet for mellom anna tilsette og studentar.
Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning	6 millionar kroner	Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning er ei forsøksordning etablert i 2022. To sentre vart tildelt ein slik senterstatus, og tolv millionar kroner kvar fordelt på fire år. Formålet med sentra er at dei skal vere spydspissar i sektoren, og bidra til kvalitetsutvikling.
Tilskot til oppvekstutdanningar frå Utdanningsdirektoratet	3,1 millionar kroner	Udir ga tilskot til utdanningstilbod i oppvekstfag ved ein fagskule.

Vedlegg: [T5.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

¹⁴ Dette talet er ikkje direkte samanliknbart med tala oppgitt for denne fagskulen tidlegare år. I talet for i år er det inkludert fleire typar utgifter som tidlegare ikkje var tald med. Talet er derfor om lag fire millionar kroner høgare enn for tidlegare år.


5.6 Heiltidsekvivalentar og studiepoengproduksjon etter finansieringskjelder

I starten av kapittel 5 er det greia ut om dei ulike finansieringskjeldene og volumet av desse i kroner. I dette avsnittet skal vi sjå nærare på utviklinga over tid med fokus på endringar i omfang i heiltidsekvivalentar og på utvalde variablar som utdanningsform, andel av heiltid og opptaksgrunnlag. Samla sett er utgjerdet av dei 34 000 studentane 21 215 heiltidsekvivalentar, det vil seie tilsvarande studentar på fulltids studiar.

Alle utdanningstilbod er anten heilt offentleg finansiert, delvis offentleg finansiert, eller fullfinansiert av skulepengar eller andre eksterne tilskot. Av totalt 21 215 heiltidsekvivalentar var 53 prosent, om lag 11 200 heiltidsekvivalentar, på utdanningstilbod som var fullstendig offentleg finansiert i 2024. Tilsvarande var 18 prosent, eller 3 760 heiltidsekvivalentar, på tilbod som var delvis offentleg finansiert. Totalt er altså 71 prosent av alle heiltidsekvivalentar i sektoren knytt til heilt eller delvis offentleg finansiert utdanningstilbod, medan 29 prosent, 6 230 heiltidsekvivalentar, finst ved tilbod som er fullfinansiert av skulepengar eller andre eksterne tilskot. Dei aller fleste heiltidsekvivalentane på skulepengefinansierte tilbod finst i den private delen av sektoren, medan heiltidsekvivalentane på dei heilt og delvis offentlege finansierte utdanningstilboda er fordelt med 63 prosent i offentlege og 37 prosent i private fagskular.

Den relative fordelinga av heiltidsekvivalentar på utdanningar med dei ulike finansieringskjeldene har vore nokså jamn sidan 2017, men ein liten dreining i retning av stadig større del heiltidsekvivalentar knytt til tilbod som er *delvis* offentleg finansiert, og litt mindre del heiltidsekvivalentar på tilbod som er finansiert av skulepengar eller heilt offentleg finansiert.

Totalt har talet på heiltidsekvivalentar auka med 86 prosent sidan 2017, mykje på grunn av auka statleg tilskot til fagskulane. Dei fullstendig offentleg finansierte utdanningstilboda har auka ned 4 800 (75 prosent) heiltidsekvivalentar, mens dei delvis offentleg finansierte utdanningstilboda har auka med 2 350 (167 prosent) heiltidsekvivalentar. Dei skulepengefinansierte utdanningstilboda har auka med nesten 2 700 heiltidsekvivalentar, og har ein like stor relativ vekst som dei fullstendig offentleg finansierte tilboda på 75 prosent.

Figur 5.2 Tal på heiltidsekvivalentar etter finansieringsform per år. 2017–2024.

Vedlegg: [F5.2](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

I fortsettinga av denne analysen deler vi finansieringskjeldene opp i to kategoriar:

- *Heilt og delvis offentlig finansiert* omfattar utdanningstilbod som er fullfinansiert og delfinansiert av offentlege midlar.¹⁵
- *Skulepengefinansierte* omfattar utdanningstilbod som er fullfinansiert av skulepengar eller andre ikkje-offentlege tilskot.

5.6.1 Den offentlig finansierte høgare yrkesfaglege utdanninga

Talet på heiltidsekvivalentar i utdanningar som er heilt og delvis offentlig finansierte har auka med til saman 91 prosent, frå 7 827 til nesten 14 995, sidan 2017. Desse finn vi som sagt i både offentlig og privat sektor fordelt på alle fagområde. Det er dei tekniske faga som har desidert størst andel av dei offentlig finansierte heiltidsekvivalentane. Det er òg dette fagområdet som har lengst tradisjonar for fagskuleutdanning.

¹⁵ Dei delvis offentlig finansierte utdanningane er inkludert i denne kategorien fordi tilboda i all hovudsak har ein relativt liten andel skulepengar i høve til den offentlege finansieringa.


Figur 5.3 viser korleis veksten i talet på heiltidsekvivalentar i dei offentleg finansierte utdanningane endrar seg frå 2017 til 2024 i dei ulike fagområda. Det er særleg utdanningar i tekniske fag og helse- og velferdsfaga som har fått ein stor vekst i heiltidsekvivalentar sidan 2017. I Økonomi- og administrasjonsfaga har det òg vert ein stor auke, men frå eit svært lågt nivå.

I dei tekniske faga er det spesielt data/IT-faga som har vakse mykje med offentleg finansiering. Meir enn kvar tredje nye heiltidsekvivalent i dei offentleg finansierte tekniske faga finn vi på utdanningstilbod i data/IT-fag. I tillegg har det vore ein god vekst i utdanningar i både bygg- og anlegg, industri/kjemi og elektro/energi, sjå vedlegg [V27](#).

I helse- og velferdsfaga er det oppvekstutdanningar som har hatt den største veksten i både reelle (1 108) og relative tal (474 prosent), men rett nok frå eit lågt nivå. I helseutdanningar har talet på heiltidsekvivalentar auka med 64 prosent til nesten 2 500 heiltidsekvivalentar i 2024.

I økonomi- og administrasjonsfaga er det særleg leiarutdanningar som aukar frå 50 heiltidsekvivalentar i 2017 til 880 i 2024. I tillegg kjem kontorfag og marknadsføring med ein vekst på over 200 heiltidsekvivalentar kvar.

Figur 5.3 Heiltidsekvivalentar per fagområde i 2017 og 2024, heilt og delvis offentleg finansiert



Vedlegg: [F5.3](#)


Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Vekst gjennom nye studieplassar

Av den samla veksten på 9 825 heiltidsekvivalentar sidan 2017 (sjå [figur 5.2](#) over) har 73 prosent (7 157) kome som følgje av auka tilskot. Frå 2017 til 2024 auka dette tilskotet frå om lag 785 millionar kroner omrekna til 2024-kroner,¹⁶ til 1,4 milliardar kroner i 2024, ein realvekst på 78 prosent.

I perioden 2018–2024 har Stortinget løyvd midlar til 3 238 nye, toårige studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning; 638 plassar i 2018, 1 600 i 2020, 500 i 2023 og 500 plassar i 2024. I tillegg kom det 498 eittårige studieplassar til ordninga Industrifagskulen i 2021.¹⁷ Totalt har det i desse åra kome 3 736 nye studieplassar, sjå [figur 5.4](#). Dei toårige studieplassane inngår i driftsmidlane som fylkeskommunane forvaltar, medan dei eittårige studieplassane er øyremerka ordninga Industrifagskulen som HK-dir forvaltar.

Figur 5.4 Nye studieplassar 2018–2024



Vedlegg: [F5.4](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Toårige studieplassar betyr i denne samanhengen at tilskotet til fylkeskommunane vert berekna med utgangspunkt i at det skal vere økonomisk grunnlag for å starte eit


¹⁶ Omrekna frå 619 millionar 2017-kroner til 2024-kroner på grunnlag av konsumprisindeksen i SSB sin priskalkulator.

¹⁷ I 2025 kom tilskot til ytterlegare 1 000 nye studieplassar, 900 toårige og 100 eittårige. Desse er ikkje med i oversikta sidan rapporten berre omhandlar utviklinga i sektoren til og med 2024.

kull med studentar på eit toårig utdanningstilbod haustsemesteret (som då vert finansiert i to år), og i tillegg eit nytt kull hausten etter (som òg vert finansiert for toårig utdanning). Sjølv om ein studieplass vert finansiert som ein fulltids toårig studieplass, blir tilskotet i stor grad brukt til å finansiere fleire studentar på deltidstilbod og kortare tilbod, noko som betyr at talet på studentar aukar meir enn talet på nye studieplassar.

For å analysere effekten av dei nye studieplassane vil vi sjå på samanhengen mellom kor mange heiltidsekvivalentar dei nye studieplassane reknast som, og utviklinga i det faktiske talet på heiltidsekvivalentar i utdanningstilboda som er heilt eller delvis offentleg finansiert. [Figur 5.5](#) viser den forventa auken i heiltidsekvivalentar som følgje av nye studieplassar (blå linje) og den reelle auken ved fagskulane (raud linje). Tala viser at fagskulane aukar studiekapasiteten og klarer å rekruttere nye studentar heilt i tråd med den forventa veksten.

Figur 5.5 Forventa og faktisk vekst i heiltidsekvivalentar i utdanningstilbod finansierte av driftstilskotet frå Kunnskapsdepartementet og fylka sine frie inntekter, 2017–2024



Merknad: Tala viser utviklinga i rapporterte heiltidsekvivalentar for utdanningstilbod finansiert med tilskot frå kapittel 240 post 60 i statsbudsjettet, det vil seie dei ordinære driftsmidlane forvalta av fylkeskommunane samt tilskot til Industrifagskulen som blir forvalta av HK-dir og tilskot frå fylka sine frie inntekter.

Vedlegg: [F5.5](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Utviklinga viser at fagskulane klarer å auke kapasiteten og rekrutteringa i takt med satsinga på auka tilskot til drift. Den forventta veksten er knytt til talet på studieplassar slik dei er definert og finansierte over Kunnskapsdepartementets årlege budsjett. Aukn i tilskotet kan brukast til å finansiere utdanningar som er både dyrare og billigare enn det Kunnskapsdepartementet legg til grunn i satsen for studieplassar. Det er opp til fylkeskommunane å definere ein sats for studieplassar for dei ulike utdanningstilboda. Det er derfor ikkje gitt at den forventta aukn i heiltidsekvivalentar samsvarer med korleis fylkeskommunane forvaltar tilskotet.

Til grunn for utviklinga i heiltidsekvivalentar ligg òg tilskotet frå fylkeskommunane sine frie inntekter som omtala i avsnitt [5.1.2](#). Dette kjem ikkje fram av figuren over. I same periode som staten har fasa inn dei om lag 3 700 studieplassane, har tilskotet frå dei fylkeskommunale frie inntektene auka med 65 millionar kroner, eit beløp som svarar til om lag 600 heiltidsekvivalentar med satsen KD la til grunn for studieplassane i 2024. Fagskulane har vist til kor avhengige dei er av dei fylkeskommunale frie inntektene når dei hevdar at den statlege satsen for nye studieplassar er for låg, og studieplassane ikkje er å rekne som fullfinansiert frå statens side (Deloitte, 2022). Utan det auka tilskotet frå dei fylkeskommunale frie inntektene i same periode ville ikkje samsvaret mellom forventta og faktisk vekst i heiltidsekvivalentane vore så tett kopla som [figur 5.5](#) viser.

Offentleg finansierte utdanningar er stort sett på deltid

For å svare på behovet arbeidslivet har for kompetanse må høgare yrkesfagleg utdanning vere tilpassa personar i ulike livsfasar og arbeidstilhøve. Difor må utdanningane vere kjenneteikna av høg grad av fleksibilitet. Dei offentlege midlane finansierer mest deltidsutdanningar og 69 prosent av heiltidsekvivalentane på offentlig finansierte utdanningstilbod er knytt til deltidsutdanningar, mens 31 prosent er på heiltidsutdanningar, sjå vedlegg [V29](#).

Frå stadbasert til samlingar og nett på offentlig finansierte utdanningar

I dei offentlig finansierte utdanningstilboda har det skjedd store endringar i den relative fordelinga av heiltidsekvivalentar mellom stad, nett- og samlingsbaserte utdanningar berre dei siste sju åra. Delen heiltidsekvivalentar knytt til offentlig finansierte utdanningar som er stadbaserte har gått ned frå 68 prosent i 2017 til 37 prosent i 2024, sjå vedlegg [V28](#). Endringa skyldast ikkje færre heiltidsekvivalentar knytt til stadbaserte tilboda, men at veksten har kome i dei andre utdanningsformane. Dei samlingsbaserte tilboda har auka sin del av heiltidsekvivalentane frå 25 prosent i 2017 til 49 prosent i 2024, ein auke på over 5 300 heiltidsekvivalentar. Dei nettbaserte tilboda hadde seks prosent av heiltidsekvivalentane på offentlig finansierte tilboda i 2017, mot 14 prosent i 2024. Denne utviklinga heng naturleg nok saman med

moglegheitene som ny teknologi har gitt. Samstundes har det vore eit høgt fokus på livslang læring, og både frå politisk hald og frå arbeidslivet har det vore eit fokus på behovet for utdanningsmoglegheiter for vaksne folk som står i arbeid fordi arbeidskvardagen endrar seg og krev ny og endra kompetanse. Dette kan vi anta har styrt tilboda i retning meir fleksible utdanningsformar.


Yrkesfagleg kompetanse som opptak til offentleg finansiert utdanning

Det er yrkesfagleg kompetanse som er det viktigaste opptaksgrunnlaget for dei offentleg finansierte studieplassane, og studentane som vart tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse står for heile 70 prosent av heiltidsekvivalentane i 2024. Studentar som vart tatt opp på grunnlag av realkompetansevurdering står for 17 prosent av heiltidsekvivalentane, medan studentar med generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag svarar til 9 prosent av heiltidsekvivalentane. I høve til 2019 har den relative delen heiltidsekvivalentar med generell studiekompetanse og yrkesfagleg kompetanse gått ned, og delen med realkompetansevurdering gått tilsvarande opp. Sjå kapittel 3.6 for meir om utviklinga i opptaksgrunnlag.

Auka studiepoengproduksjon med nye studieplassar

Det er ikkje berre i talet på heiltidsekvivalentar at dei nye studieplassane har gitt effekt. Figur 5 viser den forventta utviklinga i produserte 60-studiepoengeiningar (SPE), gitt at alle heiltidsekvivalentane faktisk tar totalt 60 studiepoeng kvart år (blå linje). Den raude linja viser den faktiske utviklinga i avlagde studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningar. Den forventta utviklinga i SPE samvarierer med den forventta utviklinga i heiltidsekvivalentar vist i figur 5.5 over, men ligg eitt år bak i utviklinga. Dette heng saman med at det tar minst eitt år frå studentar blir rapportert og talt som heiltidsekvivalentar, til dei har avlagt eksamenar og resultata rapportert til DBH-HYU.

Gitt at auken i heiltidsekvivalentar samsvarer med auken i nye studieplassar, kan ein òg vente at produksjonen av studiepoeng aukar tilsvarande, gitt at fagskulane får studentane til å fullføre utdanningane.

Figur 5.6 Studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod, 2017–2024

Merknad: Offentleg finansierte utdanningar med unntak av dei statlege fagskulane som får tilskot direkte over statsbudsjettet.

Vedlegg: [F5.6](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

Tala i [figur 5.6](#) viser at utviklinga i studiepoengeiningar ved fagskulane aukar jamt, og heilt i tråd med dei auka forventningane som følgjer av nye studieplassar. Det betyr at fagskulane ikkje berre klarer å auke rekrutteringa i tråd med forventningane, men at dei òg klarer å få dei fleste til å følgje forventa progresjon i utdanninga. I 2017 vart det produsert rett i underkant av 6 100 SPE i dei offentleg finansierte fagskuleutdanningane. I 2024 vart det avlagt i overkant av 10 800 SPE ved offentleg finansierte utdanningar.¹⁸ Det er om lag 4 700 fleire SPE enn i 2017, ein auke på 77 prosent. Tala tydar altså framleis på at utviklinga i den offentleg finansierte delen av sektoren er i tråd med den finansielle utviklinga, noko samvariasjonen mellom dei to linjene tydeleg viser.

Nivået på SPE ligg likevel noko lågare enn forventa. Det «manglar» kring 750 SPE (13 prosent) i høve til venta vekst på 5 474 sidan 2017. Dette kan skuldast fleire ting, mellom anna forseinkingar knytt til implementering av studieplassar, lite bruk av «overbooking» for å ta høgde for naturleg fråfall, utfordringar med å rekruttere studentar, eller at utdanningane kostar meir enn det som vert lagt til grunn når ein set

¹⁸ Ekskludert dei statlege utdanningstilboda som får tilskot utanom fylkeskommunane.

forventningar til eit visst antal SPE. I [figur 5.5](#) over så vi at fagskulane i 2024 for første gong hadde fleire heiltidsekvivalentar enn forventa, noko som kan tolkast som at dei i større grad enn tidlegare «overbooker» studentar og på den måten tar høgde for noko naturleg fråfall. Dette kan på sikt gje resultat i form av endå høgare andel produserte SPE i høve til forventa.

Fullføring i dei offentleg finansierte utdanningstilboda

I kapittel [3.8](#) omtalar vi den faktiske studiepoengproduksjon i høve til dei forventa avlagde studiepoenga for alle studentane. Der forklarar vi òg korfor vi omtalar fullføring som produserte studiepoengeiningar som del av kva som var forventa, basert på oppmeldingar. I dette kapitelet ser vi berre på dei offentleg finansierte utdanningstilboda.

Vi ser av tabell 5.3 at med unntak av studieåret 20–21, så vart over 80 prosent av alle forventa studiepoengeiningar på offentleg finansierte utdanningar avlagde kvart studieår tilbake til 2017. Andelen faktisk produserte studiepoeng i høve til forventa på dei offentleg finansierte utdanningane ligg gjennomgåande eit par prosentpoeng høgare enn for sektoren samla sett.

Tabell 5.3 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2017/18–2023/24, offentleg finansierte tilbod

Studieår	Forventa studiepoengeiningar	Produserte studiepoengeiningar	Andel av forventa
Studieåret 17–18	14 987	13 242	88 %
Studieåret 18–19	15 470	13 170	85 %
Studieåret 19–20	16 874	14 336	85 %
Studieåret 20–21	21 016	16 305	78 %
Studieåret 21–22	23 154	18 760	81 %
Studieåret 22–23	23 927	19 964	83 %
Studieåret 23–24	26 910	22 005	82 %

Vedlegg: [T5.3](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU


5.6.2 Den skulepengefinansierte høgare yrkesfaglege utdanninga

Samla sett har talet på heiltidsekvivalentar i den skulepengefinansierte delen av sektoren auka med 75 prosent mellom 2017 og 2024, frå 3 563 til 6 230 heiltidsekvivalentar.

[Figur 5.7](#) viser fordelinga av heiltidsekvivalentar på skulepengefinansierte utdanningstilbod i 2017 og 2024. I 2017 var det i hovudsak kreative utdanningar og økonomi- og administrasjonsfag som var skulepengefinansierte. I tillegg var det nokon

heiltidsekvivalentar knytt til samferdsselfag (luftfart) og tekniske fag, men i relativt lite omfang.

Figur 5.7 Heiltidsekvivalentar per fagområde i 2017 og 2024, skulepengefinansiert



Vedlegg: [F5.7](#)

Kjelde: HK-dir/DBH-HYU

I dei tekniske faga er det i all hovudsak data/IT-fag som står for utviklinga med ein auke på nesten 348 prosent (1 833) frå 2017 til 2024, til totalt 2 359 heiltidsekvivalentar. Det er i all hovudsak Noroff som står for denne utviklinga i dei skulepengefinansierte tekniske faga.

Dei skulepengefinansierte kreative utdanningstilboda har hatt ein nedgang i heiltidsekvivalentar på åtte prosent sidan 2017, frå 1 643 til 1 514 heiltidsekvivalentar. Denne utviklinga må sjåast i samband med at det samstundes har vore ein vekst i offentleg finansiering av kreative utdanningar på litt over 170 heiltidsekvivalentar. Her ser vi truleg eit utslag av at enkelte utdanningar går frå å vere skulepengefinansierte til å bli offentleg finansierte.

I dei skulepengefinansierte økonomi- og administrasjonsfaga har det vore ein auke i heiltidsekvivalentar på 103 prosent, til 1 719 heiltidsekvivalentar, parallelt med auken i dei offentleg finansierte tilboda. I den skulepengefinansierte delen av økonomi- og administrasjonsfaga er det marknadsføring og lønn og rekneskap som aukar mest frå 2017. Ein tydeleg skilnad frå dei offentleg finansierte utdanningane er at det er generell studiekompetanse som er det viktigaste opptaksgrunnlaget for dei

skulepengefinansierte utdanningane i økonomi- og administrasjonsfaga. Heile 47 prosent av alle heiltidsekvivalentane her er knytt til generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag, mens 35 prosent er knytt til realkompetanse og 15 prosent til yrkesfagleg kompetanse. Det kan derfor sjå ut som om dei skulepengefinansierte tilboda i dette fagområdet i stor grad rekrutterer ein litt anna målgruppe enn dei offentleg finansierte tilboda.

Heiltidsekvivalentar i skulepengefinansierte samferdselsfag gjeld berre luftfartsutdanningar. Heiltidsekvivalentar her har auka med 54 prosent, frå 271 til 416.

Skulepengefinansierte utdanningar er i hovudsak heiltidsutdanningar

Heile 70 prosent (4 388) av heiltidsekvivalentane i den skulepengefinansierte delen av fagskulesektoren er knytt til heiltidsutdanningar. Dette er ein nedgang på seks prosentpoeng sidan 2017, noko som betyr at andelen deltidsutdanningar har auka noko i same periode. I 2024 utgjer deltidsutdanningar 30 prosent (1 842) av dei skulepengefinansierte heiltidsekvivalentane. Dei fleste som betaler for utdanninga si får truleg lån til skulepengane gjennom Lånekassen (Meld. St. 11 (2024–2025)), sjå vedlegg [V29](#).

Nettbaserte utdanningar dominerer skulepengefinansierte tilbod

Nettbasert undervisning er den viktigaste utdanningsforma i denne delen av sektoren med 63 prosent av heiltidsekvivalentane. Ein relativt høg andel av desse er òg heiltidsutdanningar. Dette er særleg vanleg i data/IT-fag. Berre tre prosent av heiltidsekvivalentane er knytt til samlingsbaserte tilbod.

Dei skulepengefinansierte stadbaserte utdanningstilboda har 35 prosent av heiltidsekvivalentane. Her har det skjedd ei stor endring sidan 2017 då heile 70 prosent av alle heiltidsekvivalentane på skulepengefinansierte tilbod var knytt til stadbaserte utdanningar. Denne utviklinga må sjåast dels som eit resultat av den teknologisk utviklinga vi har sett, og at fagskulane som leverer skulepengefinansierte utdanningar har vore gode på å ta i bruk denne teknologien. Utviklinga er truleg òg eit resultat av typen tilbod som har vore tilbydd mot skulepengar. Det er i høg grad data/IT-fag som omtala over. I tillegg er det openbart at det er tilbod som ikkje krev tilgang på fysisk infrastruktur som laboratorium, simulatorar og liknande, slik som er tilfelle i mange andre utdanningar, sjå vedlegg [V28](#).

Generell studiekompetanse er det viktigaste opptaksgrunnlaget

I den skulepengefinansierte delen av høgare yrkesfagleg utdanning er det generell studiekompetanse som er det viktigaste opptaksgrunnlaget, og 56 prosent av alle heiltidsekvivalentar er knytt til dette opptaksgrunnlaget. Samstundes er heile 29 prosent av heiltidsekvivalentane knytt til realkompetansevurdering som

opptaksgrunnlag, medan 12 prosent er knytt til yrkesfagleg kompetanse. Se kapittel 3.6 for meir om realkompetansevurdering som opptaksgrunnlag, og utfordringane med å vite kva tala seier oss.

Fullføring i dei skulepengefinansierte tilboda

På dei utdanningane som er finansiert av skulepengar, har produserte studiepoengeiningar som del av forventa, variert mellom 74 og 82 prosent i perioden 2017–2024. Andel produserte SPE av forventa var lågast i studieåret 2017–2018. Frå 2020 til 2023 har andelen vore på sitt høgaste, mellom 80–82 prosent. I 2024 vart 76 prosent av forventa studiepoeng produsert.

Svingingane i fullføring i den skulepengefinansierte delen av sektoren er noko ulik frå den offentleg finansierte. Han svingar meir, og ligg på eit litt lågare nivå. Det kan, som vi tidlegare har nemnt, henge saman med både fagområda som vert tilbydt, og undervisningsform. Det er til dømes høgare andel produserte SPE i dei tekniske faga (79 prosent) enn i økonomi- og administrasjonsfaga (66 prosent) og fagområdet anna (60 prosent).

Tabell 5.4 Forventa og produserte studiepoengeiningar, studieåra 2017/18–2023/24, skulepengefinansierte tilbod

